



Stranda Kommune



Kulturminneplan for Stranda kommune 2019 – 2023



Stranda



Sunnylven



Geiranger



Liabygda

Vedtak, planprogram: HOK-047/17 av 5.12.2017, MK-072/17 av 13.12.2018; KPU-009/17 av 14.12.2017.
Vedtak, plan: HOK-015/19 av 5.03.2019, KPU-005/19 av 11.03.2019, KOM-019/19 av 21.03.2019.

Innhald

1	Føreord	5
2	Mål og rammer for planarbeidet.....	6
2.1	Føremål med lokal kulturminneplan	6
2.2	Organisering og medverknad	7
3	Kulturminne og kulturhistorie i Stranda kommune.....	8
3.1	Kulturhistoria i Stranda kommune	8
3.2	Tematisering av kulturhistoria	9
3.2.1	Busetnad (byggeskikk, gardsbruk, tettstader, byprega busetnad).....	9
3.2.1.1	Tun.....	9
3.2.1.2	Sætrar.....	10
3.2.1.3	Naustmiljø	11
3.2.2	Næringsverksemd	11
3.2.2.1	Landbruk	11
3.2.2.2	Handverk	12
3.2.2.3	Industri.....	12
3.2.2.4	Turisme.....	13
3.2.3	Samferdsel	14
3.2.4	Skule og opplæring	15
3.2.5	Kulturverksemd / Frivillig lagsverksemd	17
3.2.6	Krig	18
3.2.7	Kyrkjer.....	19
3.2.8	Fornminne / fortidsminne	19
3.3	Kulturminne i Stranda.....	20
3.3.1	Geiranger	20
3.3.1.1	Møllsbygda.....	20
3.3.1.2	Homlong.....	21
3.3.1.3	Maråk/Gjørva/Vinje	21
3.3.1.4	Vesterås	22
3.3.1.5	Holebygda	23
3.3.1.6	Flydalen	23
3.3.1.7	Ørjasætra	24
3.3.1.8	Opplendskedal	25
3.3.1.9	Geirangervegen	25
3.3.1.10	Fjordgardane.....	26
3.3.1.11	Fornminne i fjella i Stranda Kommune	28
3.3.2	Liabygda	29

Kulturminneplan for Stranda kommune 2019-2023

3.3.2.1	Ovrå	29
3.3.2.2	Li	29
3.3.2.3	Ringset.....	29
3.3.2.4	Stavseng.....	30
3.3.2.5	Fjordgardane.....	30
3.3.3	Sunnylven	31
3.3.3.1	Hellesylt.....	31
3.3.3.2	Langedalen	32
3.3.3.3	Nibbedalen.....	32
3.3.3.4	Sunnylvsbygda	32
3.3.3.5	Ringdalen/Moldskreddalen	33
3.3.3.6	Fjordgardane.....	33
3.3.4	Stranda	34
3.3.4.1	Stranda tettstad	34
3.3.4.2	Strandadalen	34
3.3.4.3	Fursetlea	35
3.3.4.4	Bygda.....	35
3.3.4.5	Fausa.....	36
3.3.4.6	Fjordgardane.....	36
3.4	Museum.....	37
4	Handlingsprogram for kulturminnearbeidet i Stranda kommune 2019-2023	38
4.1	Hovudmål og resultatmål	38
4.1.1	Hovudmål	38
4.1.2	Resultatmål	38
4.2	Tiltak, generelle	38
4.2.1	Omsynssone.....	38
4.2.2	Kart over kulturminna med koordinatar	38
4.2.3	Opprette dialog/kontakt med grunneigarar om kulturminne/-miljø i privat eige (grendamøte)	38
4.2.4	Vurdering av verneverdi	38
4.3	Tiltak, enkeltobjekt	39
5	Oppslagsdel	40
5.1	Ord og omgrep	40
5.2	Rammer - Lovverk som regulerer planarbeidet.	41
5.3	Eksisterande register for kulturminne:	41
5.4	Kulturminne som ikkje er omfatta av planen:.....	41
5.5	Sentrale aktørar i kulturminnevernet:	41
5.6	Korleis verne:	41

Kulturminneplan for Stranda kommune 2019-2023

5.7	Ordforklaringar i lovverket	43
5.8	Verdsetting av kulturminne og kulturmiljø (MÅ utførast av kompetente fagfolk).	48
5.9	Kjelder:.....	48
5.10	Vedlegg	50
5.10.1	Vedlegg 1: Tiltak, enkeltobjekt 2019-2020	50
5.10.2	Vedlegg 2: Oversikt over tema i årsskrifta frå Stranda Sogelag 1983-2018 (sjølvstendig dokument).....	51



Frå Møllstunet

Foto: Kåre Stadheim

Del 1:

1 Føreord

Riksantikvaren har i brev til Møre og Romsdal fylkeskommune av 26.03.2015 lagt inn følgjande målformulering for kommunale kulturminneplanar:

Arbeidet med kommunale kulturminneplanar skal vere eit middel for å setje kulturminne på den lokalpolitiske dagsorden og etablere ein større grad av lokal forankring og medverknad i utvalet av viktige kulturminne som skal takast vare på. Kommunale kulturminneplanar skal styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder i kommunen, skape føreseielege vilkår for forvaltning, eigarar og utbyggerar og vere ein reiskap for å synleggjere kulturarven som ressurs.

Riksantikvaren har lagt følgjande vilkår for planen og planarbeidet:

- *Kommunen har ein prosjektplan (tidsplan) for arbeidet fram til vedteken plan.*
- *Det skal vere politisk vedtak om å utarbeide ein kommunedelplan for kulturminne.*
- *At verneverdige kulturminne blir lagt inn i databasen Askeladden*
- *Kommunen skal rapportere til fylkeskommunen om framdrifta.*

Stranda kommune er delt i fire bygdelag, og folket har opp gjennom tidene levd av jakt og fiske, landbruk og handverk, og i moderne tid, industri. Mange stader i kommunen er det teke vare på utstyr, reiskapar, bygningar, vegar, kulturlandskap o.a.. Desse private initiativa gjer at vi har eit stort tilfang av kulturminne i Stranda kommune. Fleire lag og organisasjonar har òg vore delaktige i arbeidet med å sikre kulturarven.

Planarbeid

Etter vedtak om å starte planarbeidet i 2016 blei det oppnemnt ei gruppe som skulle arbeide med kartlegging av kulturminne i Stranda kommune. Grappa har laga ein plan med oversikt over kulturminne som skulle vere grunnlag for bygdemøte der innbyggjarane kan kome med innspel. Grappa har vore på synfaring i alle bygdelaga og snakka med lokale kontaktpersonar. Kontaktpersonar / informantar er opplista i vedlegg 3. Mange av kulturminna er dokumenterte med fotografi.

Registreringar

Opp gjennom åra er det utført registreringsarbeid i regi av Stranda kommune. Det er registrert om lag 50 kulturminne som har formelt vern. I SEFRAK (SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg) er det registrert om lag 630 objekt. Elles er det ei omfattande liste over litteratur som omtalar kulturminna og kulturarven i kap. 5.9. i planen.

Plangruppe/arbeidsgruppe:

Brit O. Mølsæter Hansen, Petter Hjørungdal, Odd Normann Hoff, Terje Drege Rusten, Kåre J. Stadheim, Oddhild H. Stadheim.

2 Mål og rammer for planarbeidet

Mål og rammer er henta frå Møre og Romsdal fylkeskommune sitt hefte: "Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi".

St.meld.nr.16 (2004-2005) og St. Meld. nr. 35 (2012-2013):

- **Strategisk mål:** Ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø og forvalte Dette som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Ein ønskjer å sikre eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø i eit langsiktig perspektiv.
- **Nasjonalt resultatmål 1:** Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som fylgje av at dei blir fjerna, øydelagde eller forfell, skal minimaliserast. Innan 2020 skal tapet ikkje overstige 0,5 prosent årleg.
- **Nasjonalt resultatmål 2:** Freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- **Nasjonalt resultatmål 3:** Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige breidda i dei varig verna kulturminna og kulturmiljøa skal bli betre, og eit representativt utval skal vere freda innan 2020.

Sentrale nasjonale rammer

- *Lov om kulturminner* (Kulturminneloven,1979)
- *Naturoppsynslova* (1996)
- *Om forvaltning av naturens mangfold* (Naturmangfaldlova,2009)
- *Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*, Rundskriv nr. T-3/00
- *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging* (kongelig res. 24.06.11)
- NOU 2002:1 *Fortid former framtid. Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk*
- St.meld. nr.16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*
- St.meld. nr.22 (2004-2005) *Kultur og næring*
- Meld. St. 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste*

2.1 Føremål med lokal kulturminneplan

Kulturminne og kulturmiljø er viktige fellesgode for lokalsamfunna. Ein slik plan gir grunnlag for kunnskapsbygging om lokale kulturminneverdiar. Stranda kommune utmerkjer seg med svært mange og til dels særmerkte kulturminne, og er ein verdsarvkommune. Dette gjev ekstra store forpliktingar til å ta vare på kulturminna i vår kommune. Dessutan gjev kulturminne også grunnlag for verdiskaping, t.d. i samband med reiseliv. Også som reiselivskommune er Stranda særmerkt og har dermed stor nytte av kartlegging og dokumentasjon av kulturminneverdiane.

Måla med utarbeiding av ein kulturminneplan er fleire:

1. Registrere og dokumentere kulturminne for ettertida (eigenverdi)
2. Vere eit godt verkty for forvaltning av kulturminna, og samstundes auke merksemda og kunnskapen om desse
3. Gje grunnlag for lokal verdiskaping, t.d. innan reiselivet (tilleggsverdi)
4. Gje grunnlag for å prioritere tiltak på denne sektoren basert på faktainformasjon
5. Hjelp til med å utløyse fleire kategoriar av midlar (t.d. spelemidlar) som ein kan bruke til skjøtsel av kulturminne

2.2 Organisering og medverknad

Stranda kommune har vedteke «*Kommunal planstrategi 2012-2016*» (KOM 071/12). I denne planen står utarbeiding av kulturminneplan oppført som prioritert oppgåve i 2014. Kommunen har difor vore på etterskot med dette arbeidet.

I sak HOK- 069/16, møtedato 12.09.2016, gjorde HELSE, OPPVEKST OG KULTURUTVALET slikt vedtak:

«Prosjektplan for arbeidet med kulturminneplan for Stranda kommune vert godkjend. Arbeidet med praktisk registrering vert sett i gang i regi av oppnemnd arbeidsgruppe i samarbeid med administrasjonen i kommunen. Midlar til arbeidet med å utarbeide kulturminneplanen må innarbeidast i budsjett 2017 om den skal fullførast i 2017.»

Arbeidet starta med kurs i bruk av BraFelt (registreringsverktøy). Etter to møte med fylkeskommunen (18.01.2017 og 14.02.2017) fekk arbeidsgruppa (KMP) mandat til å utarbeide eit framlegg til kulturminneplan.

Arbeidsprosessen var planlagd slik:

Tid	Kva	Ansvar
2012 - 2016 Sept. 2016	Kommunal planstrategi Godkjenning av prosjektplan	Formannskapet/komm.styret HOK
Sept. 2016– juni 2017	Opplæring av registreringsmedarbeidarar Utarbeiding av framlegg til plandokument	Arbeidsgruppa
Mai 2017	Synfaring i bygdelaga	Arbeidsgruppa
Medio juni 2017 Hausten 2017	Vedtak om oppstart Evaluering av framlegg til plandokument og drøfting av vidare arbeid. Eventuelle grendamøte og ferdigstilling av planen.	Administrasjonen og arbeidsgruppa
Våren 2018	Plan til høyring og godkjenning, fullførd plan vedteken.	Formannskapet Kommunestyret

3 Kulturminne og kulturhistorie i Stranda kommune

3.1 Kulturhistoria i Stranda kommune

Innleiing

Formannsskapslovene som vart sanksjonerte av kong Karl Johan 14. januar 1837, markerer eit viktig skilje i norsk politisk historie. Desse lovene førte makta i bygdestyringa over frå embetsmennene til folket, eller meir presist, dei av folket som hadde røysterett. Dette var vaksne menn med skyldsett jord. Frå 1.1.1838 vart *Strandens Præstegjeld* med dei to sokna Stranda og Stordal samla til éin kommune. Kommunegrensene var uendra fram til 1.1.1892 då Stordal blei skild frå Stranda. Sunnylvn og Geiranger hadde høyrte til *Nordalens Præstegjeld*, men i 1838 vart dei fråskilde Norddal herad og vart eigen kommune. 1.1. 1965 blei så kommunane Stranda og Sunnylvn slått saman til noverande Stranda kommune.

Det er fire bygdelag i kommunen: Stranda, Liabygda, Sunnylvn og Geiranger. Opphavet til dei ulike namna på bygdene er ikkje eintydig avklart, men dette er dei vanlegaste (og mest sannsynlege) tolkingane:

Stranda: Oluf Rygh skriv i Norske Gaardnavne: «*Sandsynlig er det en Betegnelse for en mindre Del af Strandstrækningen, som er gaaet over til Navn paa hele Sognet*».

Liabygda: Garden Li er kanskje den eldste garden i dette bygdelaget. Han ligg òg sentralt til i bygda som sidan har fått namnet sitt etter han.

Sunnylvn: Tydinga av namnet er usikker, men om namnet skriv Oluf Rygh: «*Sunniflir, egentlig Fjordnavn, der som saa ofte er gaaet over til Navn paa den omkring Fjorden og indenfor den liggende Bygd. Sidste Led. –iflir maa sandsynlig opfattes som en Afledningsendelse (...). Iste Led er vel sudr ligesom i Sunnmæri. Fjorden kunde kaldes «den søndre» i Modsætning til Norddalsfjorden.*» Uttalen av namnet er Synnjølven i folkemålet.

Geiranger: Rygh skriv: *Geirangr. egentlig Navn paa Fjorden. Sidste Led er angr m., Vik, Fjord. Iste kan vist ikke være geirr m, Spyd, Spydblad da Fjordens Form ikke synes at passe dertil, idet den er sterkt bøyet i en udpræget S-form. Nærmere kunde det ligge at aflede af geiri m, Kile, Strimmel, jfr. Aasen under Geire, saaledes at Navnet kunde hentyde til Fjordens store Tranghed. Hvis det af Ross anførte geira, løbe skjævt, snart til den ene og snart til den anden Side. gaa i Zigzag (.....), er et gammelt Ord i Sproget, kunde det være meget tiltalende at sætte Iste Led i Forbindelse dermed. Ein kan og tilføye at gardsnamnet Gjørva truleg har samanheng med namnet på fjorden. Dette er truleg eit –vin-namn. Hovudtyngda av –vin-namn er frå perioden 0-400 e.Kr.*

I folkemålet er uttalen Jåråndjen.

I verket «Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, Anden Part», Sorøe 1766, skriv Hans Strøm m.a. dette om «*Strands Sogn*»:

Blant alle steder hos os fortæner dette Sogn at kaldes det frugtbareste og Kornrigeste, efterdi her aarlig kan sælges en anseelig Deel Korn-Varer, end og i middelmaadige og slette Aaringer; og blant andre Korn-Varer, som herfra Afsættes, bør i sær regnes Malt, hvilket her bereedes i større Mængde, end i noget andet Sogn hos os.(...). Strands-Dal, som utgjør den vigtigste Deel af Sognet, er een af de største og beste Dale i hele Fogderiet (...).

I same verket kan ein lese dette om Sundelvsn Sogn:

«I Henseende til Frugtbarhed bør Dalen (om Sunnylvsbygda) regnes for een af de bedste i Fogderiet, da den ei aleene frembringer Rug og Havre, men óg Hamp og Humle i betydelig Mængde. Især anvendes her meere end sædvanlig Flid paa Humle- og Æble-Havers Anleggelse og Dyrkning, saa at Daleboerne deraf kan tage det fornødne til de aarlige Skatters Betaling.»

Om Geranger skriv Strøm: *«Om dette lille Annex bliver i Almindelighed intet andet at mælde, end at det i Henseende til Klipperighed, samt indknebne og steile Situationer, overgaar alle andre Steder hos os, og at de fleste Gaarde have her saa høi Beliggenhed, at de ikkun lidet ere skikkede til Agerdyrkning. (...), men maa især holde sig til Qvæg-Avlingen, som er ypperlig overalt, (...), da Mælke-Mad, og det man kalder Bue-Draatt, er deres sædvanligste Føde; og at samme maa være meget sund og kraftig, kan blant annet sluttes af dette Folks Legems Beskaffenhed, som er usædvanlig før og smuk.»*

Mykje av landskapet i kommunen er forma ved bruk gjennom fleire tusen år. Det er truleg at dei første som kom hit, busette seg nær fjorden der det var mogeleg. Det viser m.a. gardsnamn og arkeologiske funn. Etter kvart vart flater og lett dyrka område lenger oppe i dalane tekne i bruk, og etter som tida gjekk og folketalet auka, spreidde busetnaden seg oppover liene, til sidedalar og til strand- og hyllegardar innerter fjordane.

Kommunikasjonane til lands gjekk først frå fjorden og langs dalbotnen oppetter dalane. Etter kvart vart vegnettet mellom ulike gardar og grender bygt ut, men på grunn av dei topografiske tilhøva gjekk det ofte lang tid før det vart laga gode køyreveggar mellom bygdelaga og til andre kommunar. Ein kan t.d. nemne at vegen over Strandafjellet først kom i 1937, og at vegen mellom Hellesylt og Stranda vart opna i 1962.


Frå gammalt av er det fjorden som har vore den viktigaste ferdselsåra for folket i våre bygdelag. Fjorden batt saman folket i bygdene våre, og båten var det enklaste og raskaste framkomstmiddelet for folk flest. Tre fjordarmar inngår i kommunen, og noko av det som kjenneteiknar fjordane i kommunen, er at dei stort sett er omkransa av høge, stupbratte og rasutsette fjell (som går rett i fjorden) utan fjellfot. Dette har ført til at busetnaden langs fjordsidene er liten og spreidd. Folk har klort seg fast i bratte og høgtiliggjande sidedalar, på hyller høgt over fjorden eller på dei få stadane nede ved fjorden der det var flatt og trygt nok til å slå seg ned.

3.2 Tematisering av kulturhistoria

3.2.1 Busetnad (byggeskikk, gardsbruk, tettstader, byprega busetnad)

3.2.1.1 Tun

Stranda kommune er ein vidstrakt og grisgrend kommune. Gardstuna ligg no ofte rimeleg spreidde, men før utskiftinga på 1800-talet, var klyngetun vanleg både grunna rasfare og små areal av dyrkbar jord. Frøysa- og Møllstunet er døme på klyngetun som framleis eksisterer.



Frøysatunet

3.2.1.2 Sætrar

På våre kantar hadde dei fleste gardar fleire sætrar, både vår-/haustsætrar og sommarsætrar. Dette var nødvendig for å skaffe nok fôr til buskapen. Vår-/haustsætrane låg nærast gardane, medan sommarsætrane låg høgare til fjells. Dei fleste sætrane er ikkje lenger i drift, men mange av sætrehusa er redda for ettertida sidan dei blir brukte i fritidssamanheng.



Skagedalssætra

Foto: Terje D. Rusten

3.2.1.3 Naustmiljø

I Stranda kommune er det **11** naustmiljø med til saman om lag 70 naust i varierende tilstand. Alt frå tidlege tider har folket i vår kommune ferdast på fjorden. Robåtar av alle slag har vore i bruk for å frakte folk, dyr og varer. Det har vore naudsynt å ha naust for å ta vare på båtane. Dei nausta som no står att, er verdfulle kulturmiljø, som vi må stimulere eigarane til å halde i stand.



Naustrekka ved Liasjøen

Foto: Kåre Stadheim

3.2.2 Næringsverksemd

3.2.2.1 Landbruk

Landbruket har gjennom alle tider sett spor etter seg. Naturalhushaldet gjorde at alle måtte produsere hovudtyngda av maten sjølve, og det var lite innovasjon og utvikling frå vikingtida og langt ut på 1800-talet. I eit lite bygdesamfunn skulle ein helst korkje vere først eller sist, og å prøve ut nye måtar å gjere arbeid på var ikkje enkelt. Etter kvart som folketalet auka, vart det mangel på jord, og folk vart tvinga til å finne nye buplassar i bratte fjellsider. Slik oppstod fjord- og hyllegardane i vår kommune. Til langt ut på 1900-talet var det lite dyrking på myrar og vassjuk jord, men nye reiskapar og ny kunnskap om grøfting gjorde at ein no kunne utvide dyrkamarka.



Tørkestove og kvernhus, Øggarden på Ringset i Liabygda. Foto: Kåre Stadheim

3.2.2.2 *Handverk*

I det gamle bondesamfunnet vart det meste laga heime på garden. Nokre produkt var likevel så avanserte at det var behov for å byte til seg varene, eller få hjelp av særskilt nevenyttige kvinner og menn. Dette var handverkarar som t.d. skomakarar, smedar og skreddarar.



Smie i Knutgarden på Helset i Sunnylvn.

Foto Kåre Stadheim

3.2.2.3 *Industri*

Etter kvart som folketalet voks, var det ikkje plass på gardane lenger, og folk måtte finne seg nye levevegar. Etterspurnaden etter kjøpevarer auka, og handverksbedrifter utvikla seg til større industriføretak. Dette skapte mange nye arbeidsplassar i kommunen vår. Døme på slik utvikling er t.d.

Berge Trevarefabrikk, rokkefabrikken på Fjørstad, Geiranger Møbelverkstad, Ringstad Pølsefabrikk og bygdemeieria. Det oppstod også nye industrigreiner. I 1908 starta P.I. Langlo opp med produksjon av korgmøblar. Dette var så vellykka at det etter kort tid oppstod fleire fabrikkar i denne bransjen. Dei nye maskinane trong vedlikehald, og dermed oppstod mekanisk industri. I ein periode på 1900-talet utvikla tekstilindustrien seg til å bli ei viktig næringsgrein i kommunen. Det vart også starta næringsmiddelindustri, og i dag er Stranda kommune leiande på dette området med fleire store industriføretak. I dag er industrien den viktigaste næringsvegen i kommunen, og Stranda er ein viktig industrikommune også i nasjonal samanheng.

”Det er berre ein ting dei ikkje lagar på Stranda – det er frimerke” sitat frå Arthur Klæbo.



Berge trevarefabrikk

Foto Rolleiv Berge

3.2.2.4 Turisme

Turismen i området vart starta på 1800-talet. I starten var turistane få, reiste på eiga hand og tok inn der det var losji å få. Etter kvart auka turiststraumen, og folk oppdaga at dette kunne gje dei inntekter. Dermed

vart det bygd hotell og andre overnattingsstader både i Geiranger, i Sunnylvn og på Stranda. Turismen gav ringverknader til skyss- og handelsnæringa, og i Geiranger førte dette faktisk til oppstart av Geiranger Vognfabrik, som bygde bilar på chassis importert frå Opel sin fabrikk i Tyskland. I dag er Stranda kommune ein stor turistkommune i landssamanheng både når det gjeld bil -, buss- og cruiseturisme. I tillegg er Strandafjellet ein viktig skidestinasjon.



Geiranger

Foto: Aaning

3.2.3 Samferdsel

Alt frå den første busettinga laga folk seg råser mellom gardane. Frå 1400-talet og utover veit vi at desse råsene vart forbetra til ride- og kløvvegar. Bøndene fekk då påbod om å utføre arbeidet og vedlikehalde dei. Standarden på «vegen» var slik at ein mann kunne leie ein kløvhest. Slike vegar finn vi restar etter mange stader i kommunen, til dømes over Geirangerfjellet, Flofjellet, Ljøbrekka og gjennom Nibbedalen/ Norangsdalen.

På 1800-talet vart det meir fart i vegbygginga. Det vart bygt vognvegar i grendene og mellom gardane. Postvegen over Ljøbrekka som stod ferdig i 1862, og Geirangervegen til Skjåk, fullført i 1889, er døme på denne utviklinga. Dei første kvelvingsbruene er frå denne tida. «Gamlevegane» er viktige kulturminne i alle bygdelag. Dei gir kunnskap om ei tid då samferdsla og framkomstmidla var annleis enn i dag.

I 1907 vart Geiranger Skysslag AS skipa, og første bilen i kommunen kom til Geiranger i 1911. Stranda Bil p/l vart skipa i 1919 då første bilen kom til Stranda. Gamlevegane kunne delvis brukast i starten, men bilane kravde etter kvart ein betre vegstandard, og kommune- fylkes- og riksvegane som vart bygde utover på 1900-talet, måtte ta omsyn til det.

Felles for denne vegbygginga som no kom, var at det gjerne tok 20-30 år frå planarbeidet starta til vegen var ferdig. Såleis fekk ikkje Stranda vegsamband med omverda, til Sykkylven, før i 1937. Sunnlyven fekk køyrbar veg til Hornindal i 1905 og gjennom Norangsdalen i 1896. Frå Geiranger vart Ørnevegen til Eidsdal ferdig i 1954. I 1962 stod Ljøvegen mellom Stranda og Sunnlyven ferdig. Vegen frå Fausa til bygdevegen Ramstad – Nysætra vart fullført i 1918, medan Liabygda fekk veg til

Stordal i 1930-åra og til Valldal i 1975. Siste tilvekst er Gravanoesvegen i 1979 som korta ned ferjestrekninga over fjorden til 12 minutt.

Sjølv om vegane vart viktigare for samferdsla med åra, var det likevel fjorden som først og fremst var ferdselsvegen mellom bygdene til langt ut på 1900-talet. Fram til midten av 1800-talet var det, utanom jektene, færingen som var einerådande på fjorden. Støer, vorar, og frå 1880-åra og utover, kaiar, fortel om kor avhengig dei var av fjorden. Den første kaia i Storfjorden vart bygd i Geiranger i 1887, og kaiene på Ljøen og i Oaldsbygda er også gode døme på denne utviklinga. I 1857 vart første dampbåten sett i rute på sunnmørsfjordane. Heilt fram til 1950-talet, då dampbåtrutene vart nedlagde, var dette sjølve livsnerven for busettinga langs fjorden. Alt dei produserte og skulle selje og kjøpe gjekk sjøvegen.

I 1920 vart Møre Fylkes Ruteselskap (seinare MRF) skipa og fekk frå då av ansvaret for trafikken på fjorden. Etter krigen vart bilferjene stadig viktigare etter kvart som vegnettet vart bygt ut og biltrafikken auka.



Hevsdalen 1938

Foto: M. Ringstad

3.2.4 Skule og opplæring

Den første i vår kommune som dreiv opplæring, var ein kar frå Gjørva som heitte Peder. Han levde i 1690-åra, og fór rundt i Sunnylvn og Norddal og lærte ungdommen å lese og skrive.

Med konfirmasjonsskipnaden frå 1736 kom det eit kongeleg påbod som bestemte at der det ikkje enno var ein offentleg skule, «*der må bornene dog først af klokkeren eller et andet beqvemt menneske være anførte til at kjende Gud førend de tilsidst af presten bliver catechiserede, examinerede og konfirmerede.*» Dette var eit påbod som berre i liten grad blei følgd i bygdene våre.

Den første «kongelige forordning» om skulen som vart etterfølgd, blei gitt av Christian VI den 23. januar 1739 og revidert 5. mai 1741. Dette påbødet sa at det skulle vere ei skuleklasse i kvart prestegjeld. Denne skuleskipnaden stod ved lag til 1816, men det er lite truleg at heimane tok

skuleplikta til barna særleg alvorleg.

Lova av 1816 gav prestegjelda meir sjølvstyre, då det skulle vere ein skulekommisjon med presten i spissen i kvart av dei. Men lova hadde truleg liten verknad. Det meste blei ved det gamle.

Skulelova av 14. juni 1827 vart eit framsteg. Ho tok sikte på å få til ein fastare skule med betre utdanna lærarar. Ho hadde som mål å få på plass minst ein fast skule i kvart prestegjeld, seinare kvart sokn. Barna skulle gå på skulen to månader pr. år, medan skulehaldaren skulle «*bestemt holde Skole i 40 Uger.*» Mange av lærarane hadde så lita løn for desse 40 vekene at dei måtte ha eit attåtårke.

Det vart undervist i få fag. Lesing, katekisasjon og uttyding var dei viktigaste. Dei hadde litt rekning, og frå no av vart gutane pålagde å skrive. Jentene fekk ikkje lov! Dei flinkaste jentene lærte seg skriving på eiga hand. Læremiddel var det heller smått med.

Det første skulehuset i kommunen vart teke i bruk hausten 1844. Det stod på Framhus. Elles var det omgangsskule i alle krinsar fram til 1860.

Det ser ikkje ut til at skulelovene så langt hadde verka revolusjonerande. Det vart rett nok halde skule, og skulemeistrane gjekk gardimellom med skrina sine. Så langt vart påbodet halde, men folk rekna det helst som frivillig å la barna møte på skulen.

I 1860 kom det ei ny landsskulelov. Ho påbaud fast krinsskipnad og bygging av skulehus i alle krinsar. Fagkrinsen vart utvida med historie, geografi, naturlære, rekning og song. Lova var såleis eit steg fram mot betre folkeopplysning, men ho vekte mykje motbør. Folk var redde for at utgiftene vart for store, og mange likte ikkje at verdslege fag kom inn i skulen.

I dei komande åra var skiping av krinsar og bygging av skulehus det viktigaste, men utviklinga gjekk heller seint, for folk ville halde på omgangsskulen. Først mot slutten av 1860-talet blei det fart i bygginga av skulehus, og den eine etter den andre krinsen fekk eige skulehus.

I 1889 kom det ny skulelov. Ho førte i dei komande åra til endringar i m.a. fagtilbod og timetal. Bygging av skulehus heldt fram, og då Nibbedalen skule vart innvigd 6. oktober 1926, markerer det slutten på omgangsskulen i vår kommune.

Frå 1883 til 1885 var Søndmøre Amtsskole på Ringstad, og frå 1918 til 1921 var her ein privat middelskule.

I 1938 vart det starta opp realskule på Stranda. I 1949 vart han omskipa til interkommunal realskule for Stranda, Norddal og Sunnlyven. Han vart lagd ned då 9-årig grunnskule vart innført i kommunen. I 1947 kom lov om framhaldsskulen. Han var frivillig fram til 1960 då han vart obligatorisk. Som ei følge av den nye skulelova av 1959 blei det gjennomført omfattande reformer i grunnskulen. Lova kravde innføring av 9-årig obligatorisk grunnskule, og omstruktureringa skulle vere gjennomført i alle kommunar i løpet av ein tiårs-periode. Dette førte til at den gamle framhaldsskule- og realskuleordninga fall bort, og til ei kraftig sentralisering av grunnskular i vår kommune. I dag har kommunen desse grunnskulane: Liabygda (1. - 7. klasse), Geiranger (1. - 10. klasse), Sunnlyven (1. - 10. klasse) og Stranda: Ringstad skule (1. - 7. klasse) og Stranda ungdomsskule (7. - 10. klasse).

I 1948 fekk Vestborg handelsskule offentleg godkjenning. Han er eigd og driven av Norsk Luthersk Misjonssamband. I dag er namnet Vestborg vidaregåande skule.

I 1974 starta Stranda gymnas opp i eit nytt tilbygg til ungdomsskulen. To år seinare vart namnet endra til Stranda vidaregåande skule. I 1978 flytta skulen inn i eige bygg like ved ungdomsskulen. Skulen

har i dag om lag 200 elevar, dei fleste frå Stranda, Norddal og Stordal kommunar, og han har tilbod innan studiespesialisering, idretts- og yrkesfag.



Hellesylt skule (1898-1956)

Foto: Fredrik Stadheim

3.2.5 Kulturverksemd / Frivillig lagsverksemd

Etter kvart som folkeopplysninga betra seg, og folk fekk meir fritid, auka interessa for frivillig lagsarbeid. Frå slutten av 1800-talet og starten av 1900-talet vart fleire lag stifta, nokre som interesseorganisasjonar, nokre berre til tidtrøyte. Samtalelag, skyttarlag, bonde- og bondekvinnelag, fråhaldslag, ungdomslag, idrettslag, song- og musikklag, helselag og sanitetslag, kristne lag og misjonsforeiningar var nokre av laga som vart starta opp. Seinare kom nye lag som Raudekrossen, kunstlag, husflidslag, 4H-lag, småbåtlag, pensjonistlag, sogenemnd/sogelag med fleire til, heilt opp til vår tid. Slikt lagsarbeid fekk ringverknader for ulike kulturaktivitetar, og eit sterkt og vidfemnande kulturliv er viktig for trivselen i bygdene våre.



Skirenn på Strandafjellet ca. 1958
Postkort

Foto:

3.2.6 Krig

Frå dei eldste tider vart ufred varsla ved at vetane vart tende, og då måtte utskrivne soldatar reise ut. Ulike skipreide, som t.d. Sunnylvn, hadde plikt til å reie ut eit hærskip med soldatar (leidangen). Lokalsamfunnet (legda) hadde ansvar for å skrive ut soldatar, halde dei med mat ei viss tid og betale pengar til krigskassa i Bergen. Den militærteknologiske utviklinga med meir kostbar og effektiv våpenindustri gjorde at staten måtte ta over militærstellet. Menn frå bygdene våre har vore med i ulike krigar fram gjennom historia, m.a. Kalmarkrigen og Napoleonskrigane.

Mange var på nøytralitetsvakt under 1.verdskrigen og i 1939/40 før krigsutbrotet. I aprildagane 1940 var mange menn mobiliserte, og Erling O. Ringdal og Olav Lie fall. Seinare under krigen miste desse livet: Louis Norman Larsen, Anders Perry Haugen, Asbjørn Olav Tryggestad, Lars O. Hole, Peder Andreas Nyberg og Johannes Sundsby.

På Hellesylt var stasjonert tysk vakt frå våren 1940 til i slutten av 1943. I Geiranger var nokre tyskarar ein bolck, og dei sette i gang arbeid med bunkers der inne. Til Stranda kom tyske soldatar 17. mai 1940. Dei tok hand om ungdomshuset og sette ut ein vaktpost på Olmannhamrane, men reiste ved jonsoktider same året.



Tyske soldatar passerer Grand Hotell

Foto: Med løyve frå Stranda Sogelag

3.2.7 Kyrkjer

Stranda var mellom dei fyrste som fekk kyrkje på Nord-Vestlandet. I gamle skrifter kan ein lese om "Arnljot Gaddabein som tok den kristne trua og reiste kyrkje i Upsvik". Dette må ha hendt tidleg på 1000-talet. Den første sunnylvskyrkja vart truleg bygd i Arne Jonson Korsbrekke si tid, kring 1150. I biskop Aslak Bolt si jordebok frå 1432, er både Opsvik og Sløgstad nemnde som kyrkjestader, og sunnylvskyrkja er nemnt "Sunnifli kirkinsokn". Kyrkjene som er i bruk i dag på Stranda og i Sunnylven er høvesvis bygde i 1838 og 1859. Den første kyrkja i Geiranger vart bygd kring 1450. Denne blei riven i 1742 og ny stod ferdig i 1744. 2. juli 1841 brann denne kyrkja ned. Ny kyrkje stod ferdig i 1842. Liabygda kyrkje er frå 1917. I kvart bygdelag er det gravstad ved kyrkjene. Sunnylven kyrkje er listeført og ei av 38 i Møre og Romsdal med særleg høg verneverdi.

3.2.8 Fornminne / fortidsminne

Eit fornminne er i dag eit kulturminne frå steinalderen til mellomalderen, det vil seie frå tida før reformasjonen i 1537. Slike minne er etter kulturminnelova automatisk freda. Nokre eksempel kan vere bogestillingar, dyregraver, hærborer, kløvveggar, gravhaugar, rydningsrøyser og hustufter.

Den eldste staden med sikre spor etter menneske i Stranda kommune er truleg på Lundaneset. Her vart det i 1920- og i 1980-åra gjort funn av flintstein som er tidfesta til ca. 9400 f Kr.

Bogestillingar, hærborer og dyregraver vart brukte i samband med reinsdyrjakt, men desse finn ein berre i fjella aust og sør for Sunnylvsfjorden, det vil seie i Geirangerfjella og i dei søraustre Sunnylvsfjella.

Gravhaugar og rydningsrøyser finn ein i alle bygdelag i kommunen. På garden Opsvik på Stranda er restane etter den første kyrkja på Stranda frå 1000-talet framleis godt synleg. I alle bygdelaga er det funne mange lause fornminne.



Bogestillingar på Vinsåshornet.

Foto: Terje D. Rusten

Det finst ei oversikt over fornminne i Stranda kommune på <https://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Data-og-tjenester/Askeladden> og www.kulturminnesok.no og i bygdebøkene.

3.3 Kulturminne i Stranda

3.3.1 Geiranger

3.3.1.1 Møllsbygda

Kulturminneplan for Stranda kommune 2019-2023

- Resstølen [murar] v/ Korsmyra
- Hesjedalssætra [murar] (Møll)
- Grandegråsteinsætra [murar]
- Gråsteinsætra [murar] (Møll)
- Møllssætra [murar]
- Grandesætra [murar]
- Torvløer [murar] ved Grandesætra 8 stk
- Haugsetsætra (Årset-Møllsæter)
- Haugsettjønna [oppdemt/veita]
- Steingarden på Haugset
- Ørnevegen
- Gamlevegen (ned Møllsbygda, stykkevis)

- Møllstunet
- Storebrunnen (vatn til Møll)
- Tørkestove (til røyking)
- Skredhagemuren
Bruabakkfjøsane [sommarfjøsar]
Kvernhus (restaurert) Per Otto Solhaug/Jan
Ottar Møll
- Kvernhus [murar] (Anette Møll)
- Øggardskvernhuset [murar] (LØ D3-9 s. 36)
- Løypestrengfeste 17 stk
- Sætrevegen i Møllsdalen/til Møllssætra
Legefjøsane [murar]
- Legebruna [brukar]
- Sluskeura (nedanfor Brattebakksvingen)
- Sponaløa [murar]
Storeløene [murar]

- Hamreløa (40 m ovanfor Fv 63, 500 m etter
Korsmyra)
- Sletthaugløa (logo Storfjordens Venner)
- Gjerdeløa (ved Fv 63)
- Gjerdeløa [murar] (utanfor Ørnesvingen, Årset)
- Fjellkløvløa (murar) -----«-----
- Kvernhus Framigard [murar] (v /Haugsetgrova)
Kvernhus Utigard [murar] (-----«-----)
- Utløe (Framigard) v/Haugsetgrova
- Øvsthaugløa (brukt til smie under bygginga av
Ørnevegen)
- Plassen [murar] (Maurflåna)
- Sjoteigen, plass [murar]
- Rasmusstorløa [murar] (LØ D2-78 s. 36)
- Storløbruna [brukar]
- Storløkvilet (i råsa)
- Botnaløene [murar]
Nausekvilet (i råsa)
- Nauselegeløa [murar] (framom vegskiftet, LØ
D1-13 s. 46)
Bandvedgarden [gard] før ein kjem opp på
Møllssætra)
- Møllsvatnet [demning]
- Litlehageløa [murar] (v/Ekresvingen)
Møllsbygda kraftverk [murar]
Naust (5 stk Møll/Møllsæter)
- Naust (3 stk Grande)
- Støer
- Steinterrassar (ved fyret utanfor Grande)

3.3.1.2 Homlong

- Steinterrassar
- Naustmiljø (5stk)
- Støer
- Geila
- 40 løypestrengar, feste/spel
- Utløer på Skagefjellet og i Skagevika
- Trohaugløa (under ein hammar)
- Kviehellen

- Liggarhellen
- Mjelkeklassen
- Sætrevegen
- Halvvegskvilet
- Sætrebrunnen v/ Homlongsætra (restaurert)
- Homlongsætra
- Skagedalssætra

3.3.1.3 Maråk/Gjørva/Vinje

- Gamlevegen i Maråkstranda
- Steinløe oppom Lausneset (berre ein steinhaug)
- Nothenget, Lausneset [murrestar]
- Utløe på Saudesletta [murar] (Knut-garden)
- Dynamittlager, salutt

- Naustmiljøet
- Møllsbygddarasjen + lagerhus
- Uragarden (ovanfor Møllsbygddarasjen)
- Villa de Sving
- Skysslagskiosken
- MIL-stasjonen

Kulturminneplan for Stranda kommune 2019-2023

- Sølvbuda [murar] (nedanfor Bakketun)
- Kløvstien (Maråk - Vinje)
- Knutehuset
- Olebuda
- Ekorneshuset
- Hagenhuset
- Jarle Møll/Vally Oldervik Møll stiftelse (bilde) Skørs-Pe-åkeren (ovanfor Hotell Geiranger)
- Maråk skule
- Frukhagen på Maråk
- Bedehuset
- Kvernhus (murar, felles) Maråk
- Kyrkja
- Bilverkstad /Martin Mølsæter
- Gjørva-bruna
- Elvasteinane
- Geiranger kraftverk
- Inntaksdam og røyrgate
- Gjørva klyngetun
- Ola-løa
- Skulehuset (restar). Det første skulehuset i Geiranger
- Smie [murar]
- Støer Gjørva-vika
- Vørar Gjørva-vika
- Fiskedammen
- Høgebakkane kulturlandskap
- Lauvhellen kulturlandskap
- Skyttargrav Lauvhellen
- Einhaugkvia (ovanfor Gjørva-haugen)
- Kvilet (i råsa)
- Reitekvia m/ 2 husmurar (oppunder Flydalsnakken)
- Gjørvalia [murar, sæter]
- Gjørvaliråsa (m.a. trappetrinn)
- Raudebuda (Sølvbud)
- Stiftelsen Familien Mjelvas Veteranbilsamling, Hotel Union
- Union Kraftverk
- Inntaksdam og røyrgate
- Gravhaugane på Vinje
- Kvernhus Vinje v/Fv 63
- Smie på Vinje
- Tørkestove [murar]
- Knøsthellen
- Norsk Fjordsenter
- Gamlehuset i Gjerdet (Røykstove)
- Einar Grande-huset (Kom frå Horvadraget via Grande, SV kalender)
- Einar Flydal-huset (Geiranger Møbelverkstad)
- Gildetun
- Utløer i Mørkja [murar]
 - ved Besshammaren [murar] (Ellendgarden)
 - murar under hellar (Ellend)
 - nedom flatt parti i Mørkaråsa [murar] (Ellend)
 - oppå Saudøyfossen [murar](Knutgarden)
 - i Skørene [stor løe, murar](Knut)
 - vegmur opp til Skørene
- Kvernhus i Geoparken (frå Haugtuftene i Flydalen)
- Bautasteinen
- Skytebana m/5 hald (100-200-300-400-600 m)
- Lagerbygg Statens Vegvesen
- Kvanndalssætra
- Vinsåssætra
- Storsætra

3.3.1.4 Vesterås

- Vesterås gard/tun
- Tuftene [murar]
- Smia [murar]
- Smiebrunnen [murar]
- Tufteløa [murar]Timbreløa (står)
- Løstad [murar]Utløe på Vesteråsfjellet [murar] (eigar Inger Gausdal)
- Fjelløa, på Vesteråsfjellet (nyrestaurert/utvida, eigar Arnfinn Westerås)
- Lessesteinløa [murar]
- Fjellteigløa [murar](Oddvin Westerås)
- Fjellteigløa [murar](Inger Gausdal)
- Storhellsbakkløa (Oddvin Westerås)
- Nyløa [murar, fleire]
- Gamle Vesteråsvegen
- Kvernhus [murar]
- Inga-Severine huset [murar] (på innmarka ved råsa til Storsæterfossen)
- Langesteinen (Diktar Tore Ørjasæter)
- Liastølen [murar]
- Storsæterfossen
- Vesteråssætra
- Gamlestølen [murar]
- 4 kviler (i råsa)
- Tuft-Lars utløa [murar] (ovanfor Liastølen)
- Haggarden, byte Vesterås-Hole i Vesteråsdalen

3.3.1.5 Holebygda

- Kløvstien (Vinje Camping-Hole)Juva-Kristianplassen ovanfor Kvitla [murar]
- Plassen (Plasse-Maren) ovanfor hytta til Torhild og Terje Reiten
- Svarthaugløa [murar] (utløe til Plassen i Vesteråsdaalen)
- Nyløa [murar](mellom Vesteråsvegen og Grinddalsvegen)
- Tanken [vatningstank] (ved Elvasvingen)
- 3 utløer nedanfor Grinddalsfossen, vestsida [murar]
- 2-3 utløer ovanfor Bakkebruna [murar]
- Myrløa på Flydalsmyrane [murar]
- Høghaugløa [murar](Bruk 120/3 Holebakk – Holemyrane)
- Taklausløa, Holemyrane (Tor H. Hole)
- Øvstegarden (frå Vesteråselva til Grinddalselva)
- Svørakvia
- Skogakvia
- Løypestrengfeste/spel
- Vedastrengfeste/spel
- Smie [murar](Ellingbruket på Hole)
- Hotell Utsikten Bellevue
- Inghild og Jonn Dahls stiftelse (Inga M. J. Stadheim, veving)
- Bautastein, kroning 1906
- Bautastein, Keiser Wilhelm/rasulukka 1907
- Jettegryte/Brunn
- Holebakkane [løe, brunnhus, murar]
- Litlesetrekvilet
- Litlesætra [murar]
- Einhammarkvilet (i råsa)
- Sælebota [oppkome, drikkeplass]
- Grinddalssetra [hus/murar]

3.3.1.6 Flydalen

- 3 stk. utløer på Småmyrane[murar](v/gamlevegen/kløvstien, nede på kanten)
- Utløe v/ Skitnesmyra/Mehammaren, Lars Ørjasæter
- Flydalshellen (ved Fv 63)
- Litlestova/Smie [murar]Thomasgarden
- Geitekvia (Heima tunet retning mot Flydalsjuna) Thomasgarden
- Tørkestøvura [murar?] (Larsgarden, fram i granskogen)
- Kristinehuset (Gjerdet 3)
- Kristineløa [murar]
- Haugtuftene [tun]
- Kvernhus (Gjerdet)
- Murar v/Furmyra på Nakken
- Utløe på Nakken [murar](Haugtuftene)
- Utløe i Skaret (Haugtuftene) (står delvis)
- Magnushellen (ovanfor Skaret)
- Lialedvegen mot Skaret
- Kvia, L. Ørjasæter s. 118, A2 19, Mjølkeplass (v/Kvileleet/Øvstebruna)
- Kvernhusmurar (ved Tverrabøhølen)
- Røvagrænet [hole, kvie]
- 3 stk. utløer [murar]i Marka
- Elvaførebygning v/Flydalselva, bygd 1953-54
- Murar etter hus v/sætreleet, Bøagarden dannar bakkvegg på huset
- Flydalssætra [murar]
- 1 (2?) kvile i råsa til Flydalssætra
- Gamlæsæterstølen [murar] (bak Flydalssætra)
- Urastølen [murar]LØ E5,11, s. 115 (framanfor Flydalssætra)
- Haugsæterstølen [murar]på vestsida av Flydalselva
- Mjeltehellen (halvvegs til Svartfjellet frå Gjerda ikkje langt frå Haugsæterstølen)
- Svartfjellstølen [murar]Gjerdet, Larsgarden, Haugtuftene
- Selmurane [murar]på Svartfjellet, Thomasgarden
- Kvilhellen på Svartfjellet [kvileplass]
- Storskredkvilet (i råsa til Svartfjellstølen)
- Flydalsvatnet [demning]

3.3.1.7 Ørjasætra

- Varhølplassen [murar]
- Varhølløa (står)
- Myldehus (1)
- Kløvstien/Gamlevegen (Utsikten-Ørjasætra)
Kvernhus[(murhus] (bak tunet)
Knutehellen [lagerplass]
Heimste torvløa [murar] (Heimom grova og
huset til Leiv Ørjasæter, viser ikkje)
Fremste torvløa [murar] (framom Knuten)
- Smalestølen [murar] (bortom elva, 1 utløe står)
- Geitkvia, på nordsida «Heim med elvane»
- Torvholer (nord om elva, ca 200 m frå tunet)
- Mjelkarplassen [murar](på svøda heimom
Moldbakkbukta)
- Moldbakk-kvia (heimom Moldbakkbukta)
Geitsletta [kvie, murar etter gamlehusa på
Ørjasætra?]
- Kalvgeilløa [murar] (heimom Reiteløa, Vinje)
- Reiteløa (står, halvvegs til Vinsås)
- Bytegard Ørjasætra-Vinsås (rett opp frå
Langhammaren)
- Vinsåsvegen (frå Reiteløa til Vinsåssætra)
- Øvste Kalvgeilbrekka (Vinsås)
- Nedste Kalvgeilbrekka (Heimom
Varhølplassen)
- Løypestrengfeste ved Kalvgeilane (v/ garasje
118/2)
- Per Horten-hellen (heimom Mjelkarplassen)
- Storhellen [murar] (ovanfor Reiteløa)
- Nybrugarden [bytegard] (mellom Ørjasætra og
Opplendskedal)
- Kvanndalssætra
Sætreråsa nedom Kvanndalsætra
- Gamlestølen på Kvanndalen [murar]

3.3.1.8 Opplendskedal

- Langkvitla (plass) (viser ikkje)
- Kvernhus [murar]
- Heimste/fremste kviegarden
- Iverløa [murar] (oppom bommen)
- Løhammaren (restar murar)
- Kleivasætra (viser ikkje)
- Dalssætra [murar]
- Kløvstien
- Sæter v/Stavbrekka (viser ikkje)

3.3.1.9 Geirangervegen

- Vinjebruna
- 100 m - steinen
- Gjerdebruna
- Kopebruna
- Flåbruna
- 200 m - steinen
- Holebruna
- Flydalsjuvet
- Knuten
- Kvanndalsbruna
- Uragjerdsvingane
- Lisbet – Hanshellen
600 m - steinen
- Hellebakkane (kløvstien viser)
- 800 m - steinen
- Styggemannshellen
- Kløvstien Hestebrehola-Djupvatnet
- Restar etter husmurar/trapp v/kløvsti vis a vis Storevika
- Nedre Blåfjellbruna
Øvre Blåfjellbruna
Jettegryte Blåfjell
Blåfjellbrakka
Hammaryrtjønna v/ Kløvstien (oppdemd)
- 1000 m - steinen
- Murar etter Nyebrakka
- Myldehusa (22)
Naustmurar ved Djupvatnet (både i sør- og nordenden)
Murar v/Djupvasshytta
Rosenkviststeinen
- Murar v/Tutheim
Murar v/Langevasstjønna
Telegrafhytta v/Langevasstjønna
- Nibbevegen
- Myldehus
Signalhytta (på toppen av Dalsnibba/frå krigen, viser ikkje?)

3.3.1.10 Fjordgardane

Hyskjjet (murar)

- Løemurar
- Storhellen
- Utløemurar

Horvadragnet

- Hus
- Husmurar
- Løemurar
- Storhellen
- Utløemurar

Megardsplassen

- Husmurar
- Løemurar

Ljøsurra

- Sætre murar ved Ljøsurnakken

Blomberg (Høltén)

- Hus/løe samanbygt
- Løypestrengfeste

Syltavika

- Hus
- Løe (murar)
- Naust (nytt)

Syltaviklia (murar)

Matvika

- Hus
- Løe
- Uthus
- Naust/stø
- Korsfjellet (murar)
- Røbbedalssætra (murar)

Gomsdalen

- Oppistova, hus
- Løe (murar)
- Nedistova (murar)
- Løe (murar)
- Gomsdalsråsa
- Kloppa i Gomsdalen
- Haggarden (skiljet mellom Gomsdalen-Oaldsbygda)
- Steinmur i Sledalen
- Naustmurar/stø

Bringa

- Naustmurar/stø
- Hus (murar)
- Løe (murar)
- Steinterassar
- Bringesætra (murar)

Skageflåna

- Sjøbuda
- Råsa opp/inn att til Homlong
- To løer
- To våningshus
- Brunnhuset
- Utløer (murar)
- Bjønnasætra (murar)
- Heimesætra (murar)
- Tverrabøsætra (murar)

Knivsflåna (Kniven)

- Røykstove
- Stabbur
- Løe
- Løe/husmurar
- Naust v/Busteinen
- Strengfeste opp og nede ved fjorden
- Steinterassar
- Smibrunnen B1 22 s. 69
- Kvernhuset A1/B1 31 s. 69
- Sætrevegen til Knivssætra
- Stegløa, utløe(murar B 11 s. 6
- Litlesætra (murar) G 1 31 s. 67
- Instesætra (murar) G1 24 s. 67
- Øvstesætra (murar) G1 26 s. 67

- Steinmur på fjellet mellom Knivsdalen og Horvadragsdalen

Horvadraget

- Hus
- Husmurar
- Løemurar
- Storhellen
- Utløemurar

Megardsplassen

- Husmurar
- Løemurar

Ljøsurra

- Sætremurar ved Ljøsurnakken

Blomberg (Høltan)

- Hus/løe samanbygt
- Løypestrengfeste

Syltavika

- Hus
- Løe (murar)
- Naust (nytt)

Syltaviklia (murar)

Matvika

- Hus
- Løe
- Uthus
- Naust/stø
- Korsfjellet (Murar)
- Røbbedalssætra (murar)

3.3.1.11 Fornminne i fjella i Stranda Kommune

I fjellområda i Rauma, Norddal og Stranda er det no registrert over 1500 kulturminne. Av dette er 1115 bogestillingar, 100 hærboere og 60 dyregraver, resten er murar av eit eller anna slag.

Fylgjande kulturminne (tal) finn ein i Geiranger- og Sunnlyvsfjella.

- Heimstevatnet, Djupdalen - hærboere
- Heimste Dyregravvatnet, v/osen - hærboere
- Heimste Dyregravvatnet, austenden - steinhytte (gjetarhytte)
- Fremste Dyregravvatnet, austenden - dyregrav
- Overgang Djupdalen - Vien, stor stein - hærboere
- Overgang Kolbeinsdalen, Djupdalen - hærboere
- Dyrebakkvatnet, Vien, austenden - hærboere
- Dyrebakkvatnet, osen - 2 dyregraver
- Stavbrekka - bogestilling
- Stavbrekka, - hærboere
- Djupvatnet, nordenden - hærboere
- Grinddalen, - hærboere
- Grinddalen - dyregrav
- Skabremurane, Grinddalen - mur
- Vinsåshornet, - 10 bogestillingar
- Litle Såthornet, - 37 bogestillingar
- Mellom Såthornet - Blåhornet - 17 bogestillingar
- Mellom Såthornet - Blåhornet - kjøtlager
- Litle Vesteråshornet - bogestilling
- Mellom Hologga - Vesteråshornet, - 29 bogestillingar
- Laushornet - Sættetverrfj. - 23 bogestillingar, 1 hærboere
- Sandurfjellet - 28 bogestillingar, 1 hærboere
- Grandevassegga - 17 bogestillingar
- Tverrfjellet - 3 bogestillingar, 1 hærboere
- Trygghola - 10 bogestillingar
- Grandevatnet, osen - dyregrav, 1 bogestilling
- Gråsteindalen - dyregrav, bogestilling
- Gjerdefossen - dyregrav (Øystein Mølmen)
- Geitfonnegga - 10 bogestillingar
- Eidshornet. Indreeidshornet - bogestillingar
- Oaldsegga - bogestillingar -
- Storevassegga - 10 bogestillingar
- Storevatnet - 2 dyregraver, 20 bogestillingar
- Sanddalen - 39 bogestillingar
- Geitfjellet - bogestillingar
- Mellom Geitfjellet - Teinosa - 21 bogestillingar
- Gomsdalen - mur
- Gomsdalen - Sledalen - mur
- Knivsflå - Horvadrug - mur
- Vollsetskåla (mot Hole) - 28 bogestillingar
- Storflåegga - 12 bogestillingar

- Ljosuregga - 10 bogestillingar
- Vardane på fjelltoppane

3.3.2 Liabygda

3.3.2.1 Ovrå

- Ovråneset, naustmiljø (Plassenaustet, Elling-/Toregarden, Gunna-/Larsgarden, Plasse-Petter
- Seks kvernhus langs Instegrova (Kvernagrova?)
- Kvernhus der vegen går opp til Karsten og Marit Overå
- Sagbruk (Ved Niklagarden, Larsgarden, Ellinggarden, Gunna-/Knutgarden og Sagplassen)
- Sagbruk på Toregarden (Jostein Dalen)
- Oppankringsplass for frakteskuta Norden innom Ovråneskaia (Frakta varer, sild og ved, frå og til Ålesund)
- Løypestrengar (Frå sætra til Vollane, frå Svartfjellet til ein sving på vegen til Ovråneset)
- Ovråsætra (7 sætrehus, nokre står framleis)
- Sledeveg frå sætra og til Vollane
- Høyløe på vegen til sætra (restar)
- Nakkesætra (Restar)
- Bjønnalauget (Små vasspyttar)
- Gravrøys nedanfor vegen vest for Vollane
- Veteplass ute på kanten mot fjorden innanfor Ovrå (Instehaugen)
- Restar av buplass ovanfor Lauvvikane ved Bjønnavadet (Kjelde: Randi Flø Storfjordnytt)
- Møbelfabrikk (Magne Overå)

3.3.2.2 Li

- Liasjøen, naust
- Liakaia (Anløp av damskip både før og etter at kaia vart bygd)
- Butikk ved Liakaia (Nedbrent)
- Kvernhus (Bøen og Øvstegarden)
- Gjerdesaga (Nedanfor fylkesvegen, saging berre om natta grunna lite straum)
- Bedehuset
- Ungdomshuset
- Gamleskulen (Seinare møbelfabrikk)
- Telefonsentral (Bøen og Gjerde (Ola Lied))
- Postkontor (Sjurgarden)
- Hoppbakke ved Langemyra
- Liasætra (Nedstestølen og Øvstestølen)
- Råka (Geil for kreatur)
- Vassgrøft (Frå sætreelva til klyngetunet, Sjurgarden)
- Vasshjul ved klyngetunet
- Gamlevegen mellom Li og Ovrå (Vollane)

3.3.2.3 Ringset

- Bygdemeieri ved Ringsetelva

- Meieribakken (Hoppbakke)
- Kraftverk (Dam ved brua og røyrgate til kraftverk ved fjorden) Først trerøyr så ståløyr.
- Ringsetsaga ved dammen.
- Naustmiljø for Li og Ringset
- Løypestreng frå Heimevernslageret til Liakaia
- Heimevernslageret var opphavleg møbelfabrikk (Genial eigar Atle Ringset m.fl.)
- Gamlebutikken, kafe og internat
- Skytebane
- Hoppbakke
- Øggardstunet (På Sunnmøre museum)
- Sommarfjøs (Øvst på bøen til Øggardstunet)
- Bakaromn
- Kvernhus og røykstove ved Ringsetelva (restar)
- Grøft for vassforsyning til Ringset og Ansok med demning
- Sagbruk ved Ringsetelva nedom vegen, oppgangssag frå 1870-åra
- Liasaga nedom vegen nedom oppgangssaga (Er i bruk i dag)
- Kvernhus Ole-Petter garden
- Kvernhus ved Olagarden (Restar)
- Liten plass under Ola-garden
- Minikraftverk med dam, røyrgate og generator for fabrikk (Forsynte fabrikk om dagen)
- Bru ved Liabygda trevare
- Fleire kvernhus nedom brua (For gardane på Li, Ringset)
- Ringsetsætra (3 sel og fjøs, står delvis no)

3.3.2.4 *Stavseng*

- Stavsengsætra
- Gamlesætra låg der hytta på Andersgarden står no.
- Jørgengarden hadde sæter litt nedom Gamlesætra
- Nyesætra vart flytta lenger ut.
- Sæter ved Risnakken (restar)
- Liasaga
- Kvernhus sørvest for Bjørkheimtunet (restar)
- Plassebruk sør for Jørgengarden mot Sunnylvsfjorden (restar)
- Tørkestove på Andersgarden (restar)
- Røykstove på Gnr. 7 Bnr. 1
- Mura geil og oppkome og brønn ved Jørgengarden
- Hoppbakke på vestsida av fylkesvegen
- Skytebane på vestsida av vegen

3.3.2.5 *Fjordgardane*

Grova

- Stovehus (restaurert)
- Løe
- Kvernhus (restaurert)

- Tørkestove (restaurert)
- Bakaromn ute

Klevberget

- Løypestreng ned til nausta
- Utandørs bakaromn
- Høyløe
- Sledeveg mellom Klevberg og Hammaren
- Klevbergsætra (Grova og Klevberg hadde sel her)
- Restar etter gammal vondagard

Ansok

- Gamle gardsvegen til Ansok frå fjorden (Gammal sledeveg i lag med Grova)
- Gardfjøs (Restar)
- Smie og røykstove/tørkestove (Restar)
- Gangveg frå Klevberg til gamletunet på Ansok og vidare til Ringset
- Jørgengarden og Rasmusgarden
- To kvernhus ovanfor vegen (Klevberg øvst og Jørgen nedst)
- Kvernhus nedom vegen (Rasmusgarden)
- Sagbruk mellom vegen og kvernhuset
- Ansoknausta innom Gravanoeset
- Slagghaugar etter tjørebrenning
- Anleggskai og anleggsveg opp til Gravanoesvegen
- Ansoksætra (To bruk sætra her)
- Løypestreng frå Ansoksætra og ned i gamletunet
- Løypestreng frå markane og opp i tunet

Hammaren

- (Kvernhusdalen, restar) (Høyløe for Ansok)

3.3.3 Sunnylvn

3.3.3.1 Hellesylt

- Garvarkvia (Anne Gausdal, Oddny Rudi)
- Badehuset
- Gamlemeieriet, (murar)
- Kvernhuset
- Kloppone
- Høgebrua, (spor etter den gamle)
- Hellesylt Bru
- Grand Hotell
- Notanaustet
- Postvøren
- Stallane
- Båtstø (Hølen)
- Skomakarverkstad, (skomakarutstyr i Severinløa, Ingolf)
- Skomakarverkstad, huset til John Sæter
- Høgreiten (ruinar)
- Svarthamarløa
- Gatå
- Teigaveien
- Grue
- Grovasanden, røykeri
- Gamlebrauta
- Jogardsleira
- Shellkaia
- Jogardsnaustet (murar)

- Selhammarmarka: sti, steinlagt sva
- Gamleskulen

3.3.3.2 Langedalen

- Hellesylt bygdetun (Litlegjerdet)
- Holen (Løe, murar av hus, løypestreng)
- Gamle Øggardsbrua
- Steinheller ned mot Hellesylt
- Nye Øggardsbrua
- Utløe Selhammarmarka ?
- Restar etter gamlevegen på Nybøen?
- Nybruhølen
- Gamle Karbøbrua (restar)
- Postvegen: Storhaugbrua – Hjellbrua -
- Nesthaugen – Gjerde – Nybø.
- Bombekrater 1940, ved Toskedalsvegen
- Karbø, kvernhus, restaurert
- Spisshytta
- Meieriet på Vikja
- Lensmannsstova
- Kraftverket i Langedalselva
- Langeland sag, oppgangssag
- Slettene, torvløe, våningshus
- Tronstadbakken (Hoppbakke)
- Gamle Tronstadbrua
- Kjellstad, Heimigard og Framigard
- Føkhaugen
- Kjellstadbrua
- Brua til Langøyli
- Gamle Røyrrhusbrua
- Skulen på Røyrrhus
- Geiler og trøer på Røyrrhus
- Nystove stabbur gnr.79br.8
- Toskedalssætra med murar rundt og merkingsgardar/steingard i fjellet
- Tronstadsætra
- Kjellstad: Framigardsløa, utom Føkhaugen
- Kjellstad: Krokmyrløa, mellom Føkh. og elva
- Kjellstad: "Erik-Knutplassen, oppom Føkh.
- Røyrrhussætra: "Rekstenhyttene"
 - Sætremeieriet
- Brudahølen, bu
- Tverrdalen, tufter
- Tronstad grendahus m/gammal skule
- Tuft mellom Nybø og Heimsteøggarden

3.3.3.3 Nibbedalen

- Hoppbakkane på Tryggestadbakken
- Murar etter sagbruk på Tryggestadbakken
- Murar etter kvernhus, Pe-garden og Syvergarden
- Fredheim
- Kvernhus, Sætra
- Gardfjøs, Sætra
- Tuftene, Sætra
- Skulen
- "Konsulhuset"
- Villa Norangdal
- Fivelstad: Geil (trø), Knut-garden
- Fivelstad – Haugen, gammel veg
- Haugen: Torvholer
- Tvilarsteinen
- Mageselsteinen = Lusefantsteinen
- Geilskredbrua (Gussiåsbrua)
- Gamlevegen med bruer, Jakob Moen-brua
- Sætresætrerdalen (tufter)

3.3.3.4 Sunnylvbygda

- Lakseklekkeriet
- Zulusteinen
- Husøykloppa
- Steinhytte, Steimsnibba
- Kvernhuset i Steimsfossen
- Gamle Åsevegen
- Massing - Andersplassen (murar)
- Hellesylt kraftverk (rive) røyrgate (restar) reguleringsdam, damluke.
- Sagbruk, Rasmus Åsen
- Skytebane i Åsane (restar)

Kulturminneplan for Stranda kommune 2019-2023

- Hauge gamle skule, flytta til Åsane
- Gamlevegen med bru frå Åsane til Øyane
- Øyebraua
- Øyane, sommarfjøs
- Øyane: Torvløe m/trillebåre, på myra
- Gardfjøs, Hellebostad
- Røykstova i Toregarden (der H.N. Hauge var i 1801)
- Utløe/fjøs ved Høgenakken
- Haraldsnakken, Hauge, (Gabbroforekomst for gravsteinar)
- Brua over Bygdaelva ved Nedstehaugen
- Stabbur (Bakkjen)
- Kvernhus (Haugedalselva) (1 stk. godt restaurert)
- Gardfjøs, Hans-garden, Storstein
- Skrubbestein, Storstein (Saueskrubbing)
- Smier Helset: Knut- og Pe – gardane
- Skibakke Helset, Blombakkane
- Teinemur, Helset
- Båtstø Helsetvatnet
- Bauta ved Myrebruna
- Meieri Danefossen
- Skulesmia
- Krestaførhuset
- Frøysa kraftverk (restar)
- Bru på Frøysa
- ”Museum” i Frøysadalen
- Murar, Vatnedalsvatnet
- Bergly bedehus
- Gamlevegen (Rindekroken – Histeinura)
- Nyevegen murar
- Knurrebakkjen
- Løe (Klastunet)
- Gjerdebakktunet
- Torvuttak ved gardfjøsene til Steffåbruket
- Gardfjøsar, Holebakkane og Gjerde
- Bjørdal Skule, (Lagsbok Knut Hole)
- Gamlehuset, Jørntunet
- Vollset: Ekrehuset
- Vollset: Gamlehuset i Olaus
- Vollset: Knottovn for bil
- Gamlevegen (Brekke – Vollset)
- Flofjellvegen (Vollset – Stegholsvatnet) (naust)
- Buplass ved Holedalsvatnet
- Vindholen (Sæter)
- Haugestølen
- Djupgjølet (Sæter)
- Helsetsætra (Liadalen)
- Løypestreng Fedalen - Vollset
- Fedalssætra
- Nedstevassætra
- Heimsætrane, Hole og Bjørdal
- Holedalssætra
- Bogestelle, Vollsetskaåla

3.3.3.5 Ringdalen/Moldskreddalen

- Kvia (tufter)
- Utløe (Ovanfor Fløten)
- Bøen
- Bruene
- Heimsætra
- Fante-Henrik-steinen
- Ringdalsstølen
- Bygdastølen

3.3.3.6 Fjordgardane

- Kvieplassen
- Bjørknesstøa
- Bjørkneset (Murar)
- Lindane
- Naustberget
- Naustmiljø for Ljøen
- Postvøren
- Ljøkaia
- Postvegen (Ljøkaia – Herdalen)
- Ljøfossen (saga)
- Lindetre ved Ljøvegen
- Ner - Ljøen
- Gamleskulen
- Øvljøen (Murar etter sommarfjøs)
- Kleivane
- Beithoggane

- Spønhaugen (Vegstubb), sysselsetting under krigen
- Ljøvika
- Kamben
- Heiefjøsene (Murar)
- Timbjørgane
- Inste - Åkneset
- Plassen
- Me- Åkneset
- Litlesætra
- Yste- Åkneset
- Gryddevika
- Duken
- Isflåna
- Skjeret
- Vindsneset
- Smalneset
- Oaldsbygda
- Almane
- Furneset
- Furnesstøa
- Furnesvika
- Lundaneset
- Nesehalsen (steinalderfunn)
- Robben
- Nokkebøen (Husmannsplass)
- Kurlå
- Kurlenaustet, til nedfalls
- Åseneset
- Bergane, husmannsplass (murar)

3.3.4 Stranda

3.3.4.1 Stranda tettstad

- Stranda sentrum med gravhaug
- Villaer Urenfløten
- Prestegardsvegen, 1930-tals hus
- Brautene
- Saftfabrikken, Odd Fjørstad
- Os, smie/verkstad/stabbur
- Klipe, verkstad
- Smie Hansøggarden
- Skaffarøggarden
- Smie (Gnr.50, Bnr.2)
- Solbakken (Bastiangarden)
- Lånagarden
- Jogarden
- Tørkestove
- Vasskumme
- Skifabrikk Langlo
- Busteløe mot Skura
- Murar Høyløe
- Skuravatnet (Demning, Murar, kanalar)
- Gammal bru ved Vestborg vgs
- Klopp bak Vestborg vgs
- Bø – Olav - huset, stove med innhald
- Kvernhus i Langloelva
- Storreiten, stove og tørkestove
- Klopp ved Bø - Olav - huset
- Gamlevegen frå Nygarden
- Gamle bygg langs gamlevegen
- Sommarfjøs/høyløer langs Hevsdalsvegen
- Restar etter sætrevegen til Ringstadsætra
- Ringstadsætra
- Restar etter sætrevegen til Ringstadsætra
- Hevsdalsstølen
- Gamlestølen
- Pålstølen
- Haggarden, Hamnegard mellom Hevsdalsstølen og Ringstad sætremark
- Langlofonna
- Hevsdalen

3.3.4.2 Strandadalen

- Høyløe (Sverre Drege)
- Gamle Dregebrua, 1907
- Dregetunet, Persehuset/stampe ved elva
- Øvste Rystene, gamlehuset/verkstad
- Nova (Skogset):gamle hus/treskeverk/smie
- Svegjerdet : stove, tørkestove, stabbur
- Stabbur (Gnr.27 Bnr.1), renovert stabbur
- Hus (Gnr.27 Bnr.6)
- Renovert stabbur (Gnr.27 Bnr.2)
- Sve –Nils-steinen, flytta til Stranda sentrum
- Smie (Kolbeingarden)
- Trevarfabrikk (Sigurd Habostad), Nybø
- Smie i Pe-garden, Habostad

- Ruinar ved Nysetvatnet, murar etter sel på Nyset.
- Tørkestove Gjerde
- Gamlehuset Gjerde
- Rødset: tørkerstove
- Svefonna, sæterhus, gamle og nye
- Habostadsætra
- Ruinar ved Nysetvatnet
- Bjønnasteinen ved Nysetvatnet
- Nes-Lars lòa (Torvløe)
- Nes-Lars smie
- Moldskreddalen (Hefte Ole Gjerde)
 - Myklebustsætra
 - Mesætra (Gotsætra)
 - Rødsetstølen
 - Instesætra (Meieri)
- Røykstove Løvoll Sakrisplassen
- Stove på Slettvoll, Pe-tunet
- Nilsatunet
- Rokkefabrikken Fjørstad
- Fjørstad skule
- Litlebøen (Herdals-Jens)
- Heimfjørstadsætra
- Emdalssætra
- Framfjørstadsætra
- Sunnmørsstove Overvoll
- Gamle hus på Røyr
- Sæter ovom vatnet, Røyrlitledalen
- Utløe Røyr
- Herdalssætra
- Tunnelinnslag Fremste Herdalvatnet
- Postvegen

3.3.4.3 Fursetlea

- Gamletunet (Gnr.48 Bnr.1)
- Vårsæter for Sløgstad, Ruinar (Rolleiv Berge)
- Sunnmørsstove (Gnr.48 Bnr.14)
- Steinehuset
- Berge Trevarfabrikk
- Furset Kraftverk
- Kvernhus Fursetelva, (Gnr.46 Bnr.1)
- Fursetskulen
- Tørkestove (Gnr.46 Bnr.1)
- Stabbur Kjøløen
- Stabbur, Høvergarden
- Sommarfjøs, Lia
- Øvste Lia
- Tufter, Halkjellsgarden
- Halkjellslia, murar mellom Øvstelia og Ytterlia
- Andeberg (Åneberget), truskeveite
- Stabbur (Gnr.43 Bnr.3)
- Vår/haustsæter, Engesetsætra, Ikjesætra
- Liasætra
- Torvløe ved Liasætra
- Gamlesætra
- Torvløe ved Gamlesætra
- Gamle Patchelhytta
- Skytebane Fursetøyane 1905-1937, (M.Furset)
- Puskeplassen, Engeset
- Sykkylvsleet/Myrvegen
- Gamlevegen frå Furset til Engeset (klopp)
- Løe, Sløgstadmarka
- Ikjebøvegen
- Høyløe, (Gnr.45 Bnr.6)
- Giørtz-hytta, Kanuttastova (Gnr.46 Bnr.10)
- Geila på Furset
- Gamlesætra Engeset, løypestreng/torvmyrer
- Truskeveitene 2 stk.
- Kyrkjebud, (Gnr.46 Bnr.2)
- Smie, (Gnr.43 Bnr.3)
- Smie, (Gnr.43 Bnr.4)
- Smie, (Gnr.46 Bnr.3)

3.3.4.4 Bygda

- Freda fure Opshaug
- Kvelvingsbru Uksaelva
- Lievegen
- Kyrkjeplass (Arnljot Gaddabein)
- Kvernhus
- Gamleskulen
- Smithus i Vikane
- Stabbur på Skorbøen
- Skorbøbrua
- Kvernhus Helsem, Reitekvernhuset
- Drikkekar i Osbakkane
- Naustmiljø Oshammaren - Uksneset
- Øykjeberget
- Brukar gamle Osbrua

Kulturminneplan for Stranda kommune 2019-2023

- Kraftverk Os
- Stabbur Helsem
- Skaugum Stemneplass
- Sunnmørsstove Framhus (Kilen)
- Fabrikk Framhus
- Framhus gardstun
- Støvset (Murar)
- Gamlevegen Kjølås – Drege
- Lomsplassen
- Vassetsætra
- Uksviksætra
- Gammalt fruktlager, Ole Helsem
- Gardstun Rasmusgarden
- Smørhola
- Gamle Ivola-stova (Møller Christensen)
- Sæbjørnselet, Heimarhaugane
- Tunet på Korsen
- Gardstunet, Bernt-tunet
- Os, stabburet
- Os, sommarfjøs
- Store, gamle tre på Os

3.3.4.5 Fausa

- Fausa Kraftverk (1929)
- Røyrgate (1929)
- Klifferhaugen
- Gardfjøs med vindauge frå kyrkja på Stranda
- Helsemselet, ruin
- Kvelvingsbru
- Gardssag, Brune
- Spelhus med vogn og motor for løypestreng
- Skøggane, ruinar etter gamal gard
- Kanal som er mura av naturstein
- Ruinar etter hus på Gjerde
- Gardssag, Pe-garden.
- Furenakken

3.3.4.6 Fjordgardane

- Skotungane (Espehjelle)
- Liene
- Lienaustet
- Uraneset
- Duken (murar)

3.4 Museum

Hellesylt Bygdetun

Hellesylt Bygdetun er eit lite bygdemuseum som fortel om levemåten i tidlegare tider. Her finn vi mellom anna ei 200 år gamal røykstove og over 700 små og store registrerte gjenstandar. Stovehuset frå om lag 1815 er ei røykstove av liggande tømmer som inneheld stove, kammers og gang med stor utvendig skorsteinspipe og grue. Løa vart sett opp om lag på same tid som stovehuset og er bygd med bordkledt stavverk. Kufjøsen har tømra vegger og golvet er steinheller lagde på tynne golvåsar.

Stiftinga Familien Mjelvas Veteranbilsamling.

Mange av bilane som vart nytta til å vise turistane rundt i Geiranger på 1920- og 1930- talet, har Karl Mjelva samla i kjellaren på Hotel Union. Dei er framleis i god stand og klare til bruk. Av kjende bilmerke kan nemnast Buick, Nash, Studebaker, Ford, Cadillac, Hudson og Mercer. Karosseriet til ein Ford i samlinga, er bygd i Geiranger.

Veteranbilane er også populære i samband med bryllaup, og brudeparet får sjølv plukke ut den bilen dei helst vil ha. Alle bilane har sine heilt eigne historier.

Norsk Fjordsenter

Norsk Fjordsenter er eit levande formidlingssenter for Vestnorsk fjordlandskap. Senteret presenterer det einaste området i landet som står på UNESCO si prestisjetunge verdsarvliste på grunnlag av naturarven. Korleis fjordlandskapet vart til, unike historier om fjordfolket, det biologiske mangfaldet og «Grøn fjord» er blant mykje anna senteret informerer om. Norsk Fjordsenter husar i tillegg eit kompetansmiljø for bevaring av verdsarvområdet.

Martin Mølsæter Bilverksted

Sjølve bilverkstaden, dvs. underetasjen, vart ferdigstilt og teken i bruk i 1939. Bustaddelen vart bygd seinare og var ferdig 1950. Denne var teikna av ein arkitekt Solheim.

Det vart drive bilverkstad her i perioden 1939-1972. Frå tidleg på 1950-talet vart verkstaden "offentleg autorisert" etter autorisasjonsordning som då hadde blitt innført. Dette var tidleg til ein liten landsens verkstad å vere. Firmanamnet var Martin Mølsæter Bilverksted. På slutten av 1950-talet skjedde det ei viss utviding av verkstadarealet.

Om somrane var dei som regel 2 eller 3 mann i arbeid. Under krigen og seinare om vintrane kunne det vere knapt med bilarbeid. Martin dreiv til tider både som blekkslagar og røyrlleggjar. Etter at Ørnevegen vart opna, kom det til ein del kundar også frå Eidsdal og Norddal.

Saman med svogeren Livius Møll starta Martin Mølsæter med bilreparasjon av skyssbilane i 1926/27 i dei tidlegare lokala til Karl Mjelvas Ovnsfabrikk og Geiranger Vognfabrikk. På dagtid var dei sjåførar, så bilreparasjonane skjedde på kvelds- og nattestid.

Frå 1972 vart verkstaden nytta til restaurering av tidlegare skyssbilar, noko Martin hadde som hobby resten av livet. Verkstaden med inventar er stort sett slik han var i tidlegare tider. I lokalet står det også fleire veteranbilar, og slike bilar blir framleis restaurerte der.

Del 2:

4 Handlingsprogram for kulturminnearbeidet i Stranda kommune 2019-2023

4.1 Hovudmål og resultatmål

4.1.1 Hovudmål

Kulturminne og kulturmiljø i Stranda kommune skal sikrast godt vern og ein god vedlikehaldssituasjon. Hovudfokus i tiltaksdelen i denne valbolken vil vere objekt som er opplista i kap. 4.1. Vedlegg 1.

4.1.2 Resultatmål

1. Årlege tap av freda og verneverdige kulturminne i Stranda kommune skal ikkje vere over 0,5 %
2. Kulturminne og kulturmiljø i Stranda kommune skal sikrast godt vern etter plan- og bygningslova gjennom innarbeiding av omsynssoner i kommuneplanar og detaljplanar / reguleringsplanar med føresegner.
3. Eigarane av kulturminne / kulturmiljø skal få hjelp og bli motiverte til nødvendig istandsetjing i samarbeid med lag / organisasjonar, kommune, fylkeskommune og Kulturminnefondet.
4. Kulturminne registrerte i kulturminneplanen utan formell vernestatus skal vurderast særskilt og enkeltvis ved søknader om tiltak på objektet.

4.2 Tiltak, generelle

4.2.1 Omsynssone

Bruke plan- og bygningslova ved neste rullering av arealdelen av kommuneplanen til å lage omsynssoner for alle kulturminne av regional og nasjonal verdi, og eit utval av kulturminne av lokal verdi.

4.2.2 Kart over kulturminna med koordinatar

Må ev. bli registrert og utarbeidd.

4.2.3 Opprette dialog/kontakt med grunneigarar om kulturminne/-miljø i privat eige (grendamøte)

Det er ønskjeleg at grunneigarne får informasjon om resultatet frå prosjektet, m.a. kva objekt som er prioriterte med tanke på bruk av kommunale midlar (SMIL).

4.2.4 Vurdering av verneverdi

For objekt der arbeidsgruppa har vore usikre på verneverdien, kan det innhentast spesialkompetanse.

4.3 Tiltak, enkeltobjekt

Kommunen må sørge for at det blir gjort kostnadsoverslag for dei ulike objekta. (Sjå vedlegg 1).

Enkeltobjekt som blir ført i tabellen må vere klarert med eigar.

Del 3:

5 Oppslagsdel

5.1 Ord og omgrep

Arkeologisk kulturminne: Automatisk freda kulturminne frå tida før 1537.

Askeladden: Den offisielle databasen over alle freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg, i tillegg til listeførte kyrkjer. Eigd og drifta av Riksantikvaren. Databasen er tilgjengeleg for offentleg forvaltning.

Automatisk freda kulturminne: Synlege og ikkje synlege arkeologiske kulturminne eldre enn 1537, erklærte ståande byggverk frå perioden 1537-1650, samiske kulturminne eldre enn 100 år og skipsfunn eldre enn 100 år.

Bevaringsverdig: Kulturminne / kulturmiljø som oppfyller fleire kriterium for vern og dermed bør bevarast på ein eller annan måte. Brukt synonymt med verneverdig.

Faste kulturminne: Kulturminne som er fysisk forankra til grunnen.

Fornminne: Var mellom 1951 og 1992 nemning på automatisk freda kulturminne frå tida før 1537.

Forskriftsfreda: Byggverk, anlegg og område i statens eige som er freda ved å vedta forskrift om freding, jf. kml § 22 a.

Freda: Verna gjennom særlover som bl.a. kulturminnelova og naturvernlova.

Immaterielle kulturminne: Ikkje-materielle kulturminne, som f.eks. musikk, eventyr, stadnamn.

Konservere: Ta vare på så mykje som muleg av bygningens historiske verdi og kjeldeverdi.

Kriterium: Kjenneteikn, vurderingsgrunnlag. Brukt ved grunngeving og vurdering av verneverdi.

Kulturarv: Femnar om eit breitt spekter av materiell og immateriell arv frå tidlegare tider. Er i denne planen brukt om faste kulturminne i det fysiske miljøet.

Kulturlandskap: Eit kulturpåverka landskap, forma av samspelet mellom naturgrunnlaget og menneskeleg verksemd. Kulturlandskapet speglar naturvilkår, samfunnsforhold og historie. Det har vore mest vanleg å bruke omgrepet i samband med landbruk.

Kulturmiljø: «Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng» (Kml § 2). Kulturmiljø blir brukt både om kulturlandskap med gardsanlegg og andre kulturminne, og om bygningsmiljø, tettstader og byområde.

Kulturminne: «Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til» (Kml § 2).

Definisjonen omfattar alt som er skapt av menneske, frå dei første helleristningane og buplassane til dei nyaste byggverka. Ordet kulturminne åleine seier ikkje noko om kor verdfullt eit kulturminne er.

Kulturminneforvaltning: Det offentlege kulturminnevernet.

Kulturminnevern: Nemning på all aktivitet som har som mål å verne kulturminne.

Kulturminnevern er ein del av det overgripande miljøvernet.

Kulturvern: Vern av immaterielle og materielle overleveringar om levesett, kultur og historie.

Lause kulturminne: Kulturminne som ikkje er festa til grunnen, som f.eks. gjenstandar og reiskapar.

Kulturminne frå nyare tid: Kulturminne frå tida etter reformasjonen i 1537 og fram til i dag.

Regional kulturminneforvaltning: Fylkeskommunen er regional kulturminneforvaltning.

Fylkeskommunen har delegert mynde frå Riksantikvaren for delar av kulturminnelova, og er då regionalt kulturminnemynde.

Restaurering: Heilt eller delvis tilbakeføring av bygningar, bruer, vegar, monument, gjenstandar m.m., til ein tidlegare tilstand.

Ved restaurering må ein velje kva for tidspunkt kulturminnet skal først tilbake til. Fagfolk med antikvarisk bakgrunn, vil kunne vurdere kva for tiltak ein bør setje i verk for kvart enkelt kulturminne.

SEFRAK – registeret: Landsdekkande register av faste kulturminne yngre enn 1537 og eldre enn 1900. Inneheld inga vurdering av verneverdi. Det elektroniske SEFRAK- registeret er kopla saman med bygningsdelen i Statens kartverks eigedomsregister GAB og GIS - link, som er tilgjengeleg for kommunane.

Vedtaksfreda byggverk: anlegg og område som er freda ved vedtak etter kulturminnelova (kml) §§ 15, 19 eller 20.

Vern: Arbeid for å ta vare på kulturminne formelt eller praktisk. Blir brukt synonymt med bevaring.

Verneverdig: Blir brukt om kulturminne og kulturmiljø som ein bør ta vare på, på ein eller annan måte.

Nemninga i seg sjølv gir ikkje noko formelt vern og seier ingenting om korleis kulturminnet eller kulturmiljøet bør vernast.

5.2 Rammer - Lovverk som regulerer planarbeidet.

5.3 Eksisterande register for kulturminne:

- SEFRAK, Stranda kommune.
- Register over kulturminne som har formelt vern, Stranda kommune.
- Register over kulturminne og kulturmiljø som er foreslått verna,
- nasjonal verdi, Stranda kommune.
- Nasjonalt kyrkjeregister.

5.4 Kulturminne som ikkje er omfatta av planen:

- Lause kulturminne og gjenstandar er ikkje omfatta av planen.
- Immaterielle kulturminne.

5.5 Sentrale aktørar i kulturminnevernet:

- Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen, kultur-, miljø- og landbruksavd.
- Storfjordens Venner
- Hellesylt Bygdetun, sjå kap. 3.4.
- Norsk Fjordsenter, sjå kap. 3.4.
- Ljøbrekkas vener

5.6 Korleis verne:

Det er tre sentrale verkemiddel i kulturminnevernet. Dette er :

- Juridiske verkemiddel
- Rådgjeving
- Økonomiske verkemiddel

Juridiske verkemiddel i kulturminnevernet

A. Lov om kulturminne

Lova fastset at alle kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda og gir heimel til vedtaksfreda yngre kulturminne og kulturmiljø. Fylkeskommunen har delegert mynde til å gjere vedtak om mellombels freding og gi dispensasjonar i høve til vedtaksfreda bygningar og anlegg.

B. Plan- og bygningslova

Som planmyndigheit får kommunane ei sentral rolle i forvaltinga av kulturarven. Plan- og bygningslova gir heimel til å sette av areal til omsynssoner for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Lova har i § 31-1 heimel til å stille krav til bevaring av eksteriør på verneverdige bygningar og § 29-2 omhandlar visuelle kvalitetar i seg sjølv og i høve til omgivnadene. Fylkeskommunen si rolle i høve til slike saker er å vere fagleg rådgivar.

Rådgjeving

Fylkeskonservatoren har spesialkompetanse innan bygningsvern og Fylkesmannen det same innan kulturlandskapskjøtsel. I tillegg har dei nærleik og oversikt over lokale forhold, og gir råd til kommunar og tiltakshavarar.

Restaureringshandverkarar med antikvarisk kompetanse.

Økonomiske verkemiddel

Er opplista m.a. i *Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi*. Side 23:

Type tilskot	Frå kven	Nyttast til kva	Søknadsfrist
Statsbudsjettet			
Kap.1429			
Post 72.1	Riksantikvaren	Arkeologiske undersøkingar,	mindre ingen
Post 72.2	Riksantikvaren	Freda bygg og anlegg	1. desember
Post 72.3	Riksantikvaren	Mellomalderbygningar- og anlegg	1. desember
Post 72.4	Riksantikvaren	Kystkultur (freda/ fredingsverdige)	1. desember
Type tilskot	Frå kven	Nyttast til kva	Søknadsfrist
Post 72.5	Riksantikvaren	Freda og andre særleg verdifulle Kulturmiljø og landskap	1. desember
Post 72.6	Riksantikvaren	Tiltak for arkeologiske kulturminne	1. desember
Post 72.8	Riksantikvaren	Tekniske- og industrielle kulturminne	1. desember
Post 72.9	Riksantikvaren	Tiltak i verdsarvområda	1. desember
Post 73	Riksantikvaren	Brannsikring- og beredskapstiltak	15. januar
Post 74	Riksantikvaren	Fartyvern	15. januar
Post 77	Riksantikvaren	Verdiskapingsarbeid	15. januar
Kap.1432			
Post 50	Norsk Kulturminnef.	Kulturminnevern	1. november
Statleg	Statens Landbruksforvaltning (SLF)	Utvalde kulturlandskap	
Statleg	SLF/ kommunane	Spesielle miljøtiltak i jordbruket-SMIL	
Statleg	SLF/ kommunane	Regionalt miljøprogram	
Statleg	Miljødirektoratet	Tiltak i naturvernområder	
Statleg	Landbruks- og mat dep.	Tiltak i verdsarvområda	
Organisasjon	Norsk Kulturarv	“Ta eit tak” og “Rydd eit kulturminne”	
Organisasjon	Stiftelsen UNI	Sikringstiltak på kulturminne	ingen
Offentleg fond	Opplysningsv. fond	Istandsetjing av prestegardar	ingen
Statleg	Kystverket	Istandsetjing av fyrstasjonar o.a.	
Fylkeskomm.	Møre og Romsdal fk.	Kulturverntiltak	1.november

Andre økonomiske verkemiddel: fritak frå eigedomsskatt

I samband med innføring eller endring av ordning for eigedomsskatt i kommunane har kvar einskild kommune heimel til å vedta regel for unntak av freda bygningar.

5.7 Ordforklaringar i lovverket

Ordforklaringar er ei alfabetisk liste med forklaring på sentrale ord som ofte blir brukt i kulturminneforvaltinga.

Anlegg

Omgrepet vert brukt innan kulturminneforvaltinga om ei gruppe bygningar med tilhøyrande areal, for eksempel gardsanlegg, byanlegg eller fabrikkianlegg. Det vert og brukt om byggverk og konstruksjonar som ikkje nødvendigvis inkluderer bygningar, for eksempel veg, bru, tunnel eller grøntanlegg. Når det gjeld arkeologiske kulturminne ligg anlegga ofte under markoverflata.

Antikvariske retningsliner

Retningsliner som ein skal følgje ved tiltak på verna kulturminne. Dei kan vere overordna og generelle, og/eller utforma spesielt for kvart einskilt kulturminne. Retningslinene kan for eksempel innebera krav om bruk av tradisjonelle materiale, utføring og teknikkar og bruk av handverkarar med kunnskap om arbeid med verna kulturminne. I tillegg kan det vere avgrensingar på kva som kan skiftast eller verta fjerna frå kulturminnet.

Arkeologisk kulturminne

Fysiske spor og leivningar etter tidlegare tiders liv og arbeid, der utgraving og dokumentasjon utgjer hovudkjeldene til kunnskapen vår om og oppleving av fortidas samfunn.

Autentisitet

Autentisitet er eit omgrep som blir bruk om kor ekte og /eller opprinneleg objektet er. Autentisitet må alltid sjåast i forhold til noko, for eksempel tidsperiode, stilart, materialbruk eller byggemåte.

Automatisk freda kulturminne

Eit kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak.

Kulturminne som er automatisk freda:

- faste kulturminne frå før 1537
- samiske faste kulturminne eldre enn 100 år
- ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649
- faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946. I tillegg er det vedtak for nokre typar kulturminne. (Sjå svalbardmiljølova)

(Skipsfunn eldre enn 100 år er verna etter eigne reglar i kulturminnelova.)

Bergkunst

Bilete og symbol som er hogde, slipte eller måla på berg. Bergkunst finn vi i Noreg som helleristningar, slipte bergbilete, hole- eller hellemåleri.

Bevaringsverdig kulturminne

sjå Verneverdig kulturminne.

Dispensasjon

Fritak frå, i eit enkelt tilfelle, å følgje ei lov, eit vedtak eller ei forskrift. Innan kulturminneforvaltinga inneber dette:

- dispensasjon frå automatisk freding, dvs. at det vert tillate inngrep i eller ved det [automatisk freda kulturminnet](#)
- dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. at det blir gjort unnatak frå fredinga for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i kulturminnet
- dispensasjon frå vern gjennom plan- og bygningslova, dvs. at kommunane gjer unnatak frå planavgjerder om vern

Fast kulturminne

Nemninga blir brukt om [kulturminne](#) som er jord- eller stadfaste. Funn av gjenstandar inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Forskriftsfreda kulturminne eller kulturmiljø

Nemninga blir brukt om [kulturminne](#) som er freda ved forskrift og ikkje ved [enkeltvedtak](#). Dette gjeld bygningar og anlegg som er omfatta av ein statleg verneplan, og som var i statleg eige då dei vart freda. Dette gjeld og [kulturmiljø](#). Forskriftsfreding er ein enklare prosedyre enn freding ved hjelp av enkeltvedtak.

Freda kulturmiljø

Eit [kulturmiljø](#) som myndigheitene gir så stor verdi at det må takast vare på for ettertida.

Ei freding er den strengaste forma for vern. Freding vil seie at inngrep/endingar må godkjennast av myndigheitene. Lovene som blir brukte ved freding i dag, er [kulturminnelova](#) og [svalbardmiljølova](#).

Freda kulturminne

Eit [kulturminne](#) som myndigheitene gir så stor verdi at det må sikrast for ettertida. Eit freda kulturminne er [automatisk freda](#) eller [vedtaksfreda](#).

Ei freding er den strengaste forma for vern. Det vil seie at inngrep/endingar må godkjennast av myndigheitene. Lovene som blir brukte ved freding i dag, er [kulturminnelova](#) og [svalbardmiljølova](#).

Grøntanlegg

Areal som hovudsakleg er opparbeida med vegetasjonsdekte flater, mellom anna for sport-, rekreasjon- eller prydformål.

Immateriell kulturarv

Immateriell [kulturarv](#) betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltinga er den immaterielle kulturarven knytta til det vi ikkje kan ta på ved eit [kulturminne](#). Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, sagn og hendingar.

Istandsetjing

Reparasjonsarbeid for å få ein bygning, del av ein bygning eller eit anna objekt opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå, slik at berre vanleg vedlikehald vil vere nødvendig seinare.

Ei antikvarisk istandsetjing inneber at reparasjonen blir basert på bruk av materiale og teknikkar tilpassa bygningen eller anlegget sin eigenart.

Konservering

Konservering av eit kulturminne tyder at ein sikrar det så godt som mogeleg mot øydeleggingar. Desse øydeleggingane kan vere på grunn av naturleg nedbrytning eller menneskelege inngrep. For bygningar brukar ein vanlegvis ordet [istandsetjing](#).

Krigens kulturminne

Materielle og [immaterielle kulturminne](#) etter andre verdenskrig og okkupasjonen.

Kulturarv

Samlenamn for materiell og [immateriell kultur](#).

Namnet kulturarv blir særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltninga, arkivverket og museumssektoren, saman med kommunane og lokale lag og foreiningar.

Kulturlandskap

Alt [landskap](#) som er påverka av menneske. Ordet blir brukt når det blir fokusert på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap.

Kulturmiljø

Eit område der [kulturminne](#) inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø.

Kulturmiljø kan for eksempel vere eit byområde, ei setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader.

Kulturminne

Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne.

Kulturminne kan for eksempel vere bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar eller vegfar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Vi skiller mellom [lause](#) og [faste kulturminne](#).

Kulturminneverdi

Verdi som blir tillagt eit [kulturminne](#). Forvaltninga, organisasjonar, eigarar, brukarar eller andre kan vurdere kulturminnets verdi på ulike måtar. Verdivurderinga kan endrast over tid.

Kulturminneforvaltninga deler gjerne verdiane inn i tre grupper: kunnskapsverdiar, opplevelsesverdiar og bruksverdiar.

Landskap

Samlenamn på våre omgivelser som ligg utandørs, både naturgitte og menneskeskapte. Landskapet er forma av samspelet mellom mennesket og naturen.

Namnet omfattar alle typar landskap, som for eksempel jordbrukslandskap, industrilandskap, kystlandskap, bylandskap og fjelllandskap.

Laust kulturminne

Nemninga blir brukt om [kulturminne](#) som er flyttbare.

Listeført kulturminne

Eit [kulturminne](#) som etter ei kulturhistorisk vurdering er identifisert som [verneverdig](#) og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte.

Eksempel på listeføring er [NB!registeret](#), Liste over særleg verneverdige kyrkjer, Landsverneplanenes verneklasse 2, [Fartøyvernlista](#) og [Gul liste](#) frå Byantikvaren i Oslo.

Lokal verdi

Verdi som blir tillagt [kulturminne](#) eller [kulturmiljø](#) knytt til lokal verksemd og historie. Eit kulturminne av lokal verdi kan også få [regional](#) og/eller [nasjonal verdi](#).

Miljøovervaking

Ei systematisk innsamling av data ved hjelp av etterprøvbare metodar, som baserer seg på hypotesar om samanhengen mellom årsak og verknad. Overvakinga omfattar både påverknad, effektar og miljøtilstand. Målet er å dokumentere miljøtilstanden og utviklinga av denne.

Motsegn

Riksantikvaren, fylkeskommunane, Sametinget og ei rekkje andre styresmakter kan fremje motsegn, det vil seie ein protest eller innvending mot forslag til arealplanar etter plan- og bygningslova. Så lenge det finnest ei motmæle, kan kommunen ikkje vedta endeleg plan.

Nasjonal interesse

I kulturminneforvaltinga blir omgrepet særleg brukt i verdisettingsprosessar i arbeid med plan- og bygningslova. Det markerer at [kulturminneverdiar](#) på nasjonalt nivå kan vere involvert.

Nasjonal verdi

Verdi som blir tillagt [kulturminne](#) eller [kulturmiljø](#) knytt til viktige fasar og forhold i landets historie. Eit kulturminne av nasjonal verdi kan også få [regional](#) og/eller [lokal verdi](#).

Naturlandskap

Omgrepet blir brukt om [landskap](#) med liten grad av menneskeskapt påverknad. Nemninga blir også brukt når ein ynskjer å rette fokus mot landskapets geologiske og biologiske innhald.

Nyare tids kulturminne

[Kulturminne](#) som er datert til 1537 eller seinare. Ei anna nemning som òg kan brukast, er etterreformatorisk kulturminne.

Regional verdi

Verdi som blir tillagt [kulturminne](#) eller [kulturmiljø](#) knytt til regional verksemd og historie. Eit kulturminne av regional verdi kan også få [nasjonal](#) og/eller [lokal verdi](#).

Representativitet

At eitt eller eit utval [kulturminne](#) er representativt, betyr at det er typisk eller karakteristisk for ei større gruppe kulturminne. Omgrepet blir brukt ved samanlikning med andre kulturminne.

Restaurering

Restaurering tyder å heilt eller delvis tilbakeføre ein bygning eller gjenstand til ein tidlegare tilstand. Ved restaurering må ein velje kva tidspunkt kulturminnet skal tilbakeførast til. Det kan vere slik det var då det vart laga eller oppført, slik det var på eit seinare tidspunkt eller ein kombinasjon av ulike stadium.

SEFRAK-bygning

Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900, men i enkelte område vart grensa sett noko lenger fram i tid, for eksempel i Finnmark (alle bygningar før 1945.) Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

Sikring

Sikring vil seie alle tiltak for å verne [kulturminne](#) og [kulturmiljø](#) mot skade og tap. Sikring kan mellom anna dekkje [istandsetjing](#), [vedlikehald](#) og [skjøtsel](#), dokumentasjon og juridiske tiltak. Sikring kan og skje ved arkeologisk utgraving for å ta vare på kunnskapsverdien til kulturminnet.

Skipsfunn

Nemninga blir brukt om gamle båtar som er meir enn hundre år gamle, skipsskrog, tilbehør, last og alt anna som har vore om bord. Skipsfunn er verna etter [eigne reglar i kulturminnelova](#).

Skjøtsel

Regelmessig vedlikehaldstiltak, for eksempel pleie av vegetasjon for å ta vare på eit [kulturminne](#) og/eller eit [kulturmiljø](#). Vedlikehald av eventuelle skilt, stiar og rampar går òg inn i skjøtselomgrepet.

Tiltakshavar

Ein tiltakshavar er den som har det overordna juridiske ansvaret for gjennomføring av tiltak.

Universell utforming

Innan kulturminneforvaltinga inneber universell utforming at [kulturminnet](#) blir gjort tilgjengeleg for flest mogeleg. Dette inneber tilrettelegging for besøk og/eller tilrettelagt formidling av kulturminnet sin kunnskaps- og opplevingsverdi.

Vedlikehald

Rutinemessig arbeid for å hindre forfall på grunn av jamn og normal slitasje.

Vedtaksfreda kulturminne

Eit vedtaksfreda [kulturminne](#) blir i dag freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova. [Vedtaksfredingar etter kulturminnelova](#) kan omfatte alle typar kulturminne yngre enn 1537, ståande byggverk yngre enn 1649, [kulturmiljø](#) og farty. [Vedtaksfredingar etter svalbardmiljølova](#) kan omfatte kulturminne yngre enn 1945.

Verdsarv

[Kulturarv](#) og/eller naturarv som er innskripen på [UNESCO si verdsarvliste](#). Verdsarvstadene utgjer ein felles arv som er uomstøtt for menneske, på tvers av landegrensene.

Verdiskaping

Verdiskaping er bruk av kunnskap, kapital og/eller arbeid med føremål å skape økonomiske verdier. Meir presist vert omgrepet verdiskaping brukt om den verdiaukinga eit (uferdig) produkt eller ei teneste får i kvart ledd av produksjonsprosessen eller verdikjeda, der verdiskapinga er tilleggsverdien kvart ledd, eller kvar verksemd, gir produktet eller tenesta.

Verna kulturminne

Eit [kulturminne](#) som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovene er [kulturminnelova](#), [plan- og bygningslova](#), [kyrkjelova](#), [svalbardmiljølova](#) og [naturmangfaldlova](#). Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, [kyrkjerundskrivet](#), avtaler, [listeføring](#), tilskotsordningar med meir.

Verneverdi

sjå [Kulturminneverdi](#).

Verneverdig kulturminne

Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Nemningane verneverdig og bevaringsverdig tyder det same og blir brukte om kvar andre. Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er fyrst og fremst desse som blir freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova. Ein annan måte å markere at eit kulturminne er verneverdig på, er listeføring. Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.

5.8 Verdsetting av kulturminne og kulturmiljø (MÅ utførast av kompetente fagfolk).

5.9 Kjelder:

År	Tittel	Forfattar - redaktør	Utgjevar
1779	Beskrivelse over Fogderiet Søndmør. Bind 1 og 2	Hans Strøm	Copyright Vista. Stavanger Offset
1914	Stranda I, Eit minneskrift til Grunnlova 100 år	Jørgen Gjerde	
1918	Stranda Ungdomslag 25 år	Jørgen Gjerde	
1922	Folkeminne frå Sunnmøre bind I	Jørgen Gjerding *	
1932	Folkeminne frå Sunnmøre bind II	Jørgen Gjerding	
1935	Øydebruk i Sunnylvn og Geiranger	Jørgen Gjerding	Eige Forlag
1937	Stranda kommune 1837 - 1937	Jørgen Gjerding - m. fl.	
1938	Kyrkjene i Stranda	Jørgen Gjerding	
1938	Minner og opplevelser gjennom 88 år	M. Syltevig	
1944	Slektsboka for Gjørvaetta, Steffågarden	Ole Gjørvad	
1949	Sunnylvn og Geiranger I	P.A. Lillebø	
1954	Stranda Bygdebok I, Gard og grend	Gerhard Kjølås	
1961	Stranda Bygdebok II, Liv og Lagnad	Gerhard Kjølås	
1962	Sunnmøre. Reisehåndbok. Åles.-Sunnm. Turistf.	Kristofer Randers	
1962	Veganlegget Stranda - Sunnylvn	Kommunane	
1964	Stranda Idrottslag 50 år	Asbjørn Gjerde - Ove Langlo	
1968	Stranda Ungdomslag 75 år	Asbjørn Gjerde - Harald Kjølås	
1972	Sunnylvn og Geiranger II, Fyrste utgåve	Sunnylvn sogen., Erling Hole m.fl.	Sunnylvn Sogenemnd
1977	Frå farne tider	Petter S. Dyrkorn	Norild forlag
1980	Menneske vi møtte	Sakarias Ansok	
1981	Eg minnest så mangt	Petter S. Dyrkorn	
1984	Fra de første fotefar. Sunnmøres forhistorie.	S.Indrelid - S.Ugelvik Larsen	Sunnmørspostens Forlag
1985	Lokalhistorisk hefte, Liabygda	Med hovudvekt på kommunikasjon	
1985	Liabygda. Lokalhistorisk hefte. Kommunikasjon	Sakarias Ansok	Stranda skulekontor
1987	Stranda Arbeidarparti 50 år 1937 - 1987		
1989	Jubileumshefte Geirangervegen 100 år	Statens vegvesen	
1990	Stranda - Industri og samfunn	Asbjørn Gjerde	
1991	Livsminne 1862 - 1948.	Jon L. Flydahl	Ørsta Mållag

Kulturminneplan for Stranda kommune 2019-2023

1991	Stadnamn i Geiranger	Lars Ørjasæter	Stranda Sogelag
1992	Eld som slokna	Sakarias Ansok	
1992	Geiranger kyrkje 150 år	Soknerådet	
1993	Stranda Ungdomslag 100 år	Asbjørn Gjærde	
1993	Sunnylven og Geiranger II, Andre utgåve	Torleif Hauso m.fl.	Stranda Sogelag
1994	I balansepunktet. Sunnmøres historie 800 - 1660	Stein Ugelvik Larsen - Jarle Sulebust	Sunnmørspostens Forlag
1994	Lagnader langs fjorden	Oddgeir Bruaset	Det Norske Samlaget
1995	For noen tiår siden	Magne Flem, Kjøllås/Skarbøvik	Sunnmørspostens Forlag
1995	Krig og fred	Harald Berge	Stranda Sogelag
1995	Vargtid	Astor Furseth	
1995	Storfjordens venner 20 år	Helge Søvik	
1995	Stranda Skyttarlag 100 år	Kåre Stadheim	Stranda Skyttarlag
1996	Fjorden, fjellet og folket	Arild Flydal	Timbjørgane forlag
1996	Stranda Bygdebok III A og B	Boknemnd Harald Berge m.fl.	Stranda Sogelag
1996	Stranda Ernergiverk 1919 - 1996		
1996	Vegar før vegar var II	Ragnar Standal	Hjørundfjord Sogelag
1997	Seterdrift i Moldskreddalen	Ole Gjerde	
1999	Gardane langs Storfjorden	Harald Kjøllås	
1999	Stranda Vidaregåande skule 25 år. 1974 - 1999	Trygve Langlo	
1999	Sunnylven og Geiranger I, ny utgåve	Bygdesogenemnda Harald Berge m.fl.	Stranda Sogelag
2000	Far etter folk	Sakarias Ansok	
2000	Om samferdsel i Møre og Romsdal del II	Arne Inge Torvik m.fl.	Møre og Romsdal Fylkesbåtar AS
2000	Stranda Møbelarbeiderforening 1950 - 2000	Helge Søvik	Trykkmann AS
2004	Fjordfolket	Arild Flydal	Timbjørgane forlag
2004	Geiranger - Levande historier og natur	Gertrude M. March	
2005	Slektsbok for Torsteinbr. på Øvstegard i Oaldb.	Tor Myklebust	
2005	Gardane langs Storfjorden	Harald Kjøllås	Det Norske Samlaget
2006	Geiranger, Norway, Ei god historie	Marit Mjelva Henden	Selja Forlag
2007	Geiranger Skysslag 100 år	Leif Vinje m.fl.	Hefte
2007	Dei gav oss ein arv	Bergljot Engeset	
2007	Den gamle Sunnmørsjula	Sissel Brunstad, John Roald Pettersen	Vind forlag
2009	Sunnylven kyrkje 1859 - 2009	Skriftnemnd.	Sunnylven Sokneråd
2010	70 sætreturar på Sunnmøre	Sissel Brunstad, John Roald Pettersen	Vind forlag
2010	De første turistskipene.	Kåre Aasebø	Bygdeminne. Stranda Sogelag
2011	A.M.Liaaen 150 år. Fra pionerbedrift til ny bydel.	Harald Kjøllås	A.M. Liaaen AS
2011	Fjordheimen	Arild Flydal	Timbjørgane forlag
2011	Fjordheimen av Arild Flydal	Arild Flydal	Timbjørgane forlag
2011	Minne frå livet	Elna Bjørkedal	
2011	Ole Solbakken	Asbjørn Gjærde	Stranda Sogelag
2014	Stranda Idrottslag 100 år	Helge Søvik	
2015	Med hjarte for arven	Asgeir Kvernberg red., Språksmia AS	Storfjordens venner

Kulturminneplan for Stranda kommune 2019-2023

2015	Unge Sabotører	Knut Frøysa - Arne Inge Tryggestad	Stranda Sogelag
2016	Distriktsjordmødrene		
2016	Folket langs Storfjorden	Oddgeir Bruaset	Det Norske Samlaget
2016	Fotoarkiv, 5000 foto	Stranda Sogelag	Stranda Sogelag
2017	Storfjordkalenderen 1995 - 2017	Harald Kjøllås	
2017	Bygdeminne 1983 - 2017	Lokale skrivarar	Stranda Sogelag
	Hefta frå Skulekontoret (Ca. 20 stk.)	Otto H. Overvoll, Harald Sørheim	
	Hellesylt Bygdetun. Gardssoge	Karl Johan Øie	
	Indre Sunnmøre Branntrygdslag 1859 - 1959		
	Minner frå Oaldsbygda	Øvstegård, Vestre	
	På barndoms vegar	Asbjørg Syltevik	
	Segn	Peder Fylling	
	Slik eg minnest det	Jorunn Øvstegård Berg	
	Stranda Kyrkje 150 år	Ivar B. Berge m.fl.	
	Stranda. Postkort	Jon Dale	
	Stranda. Teikning	Jon Dale	
	Sve-Nils boka		
	Der nokon kunne bu – om Lundaneset	Oddvin Lundanes	

*: Jørgen Gjerding tok i bruk etternamnet Gjerding ca. 1920. Før det hadde han etternamnet Gjerde, som av og til blei skrive Gjørde.

5.10 Vedlegg

5.10.1 Vedlegg 1: Tiltak, enkeltobjekt 2019-2020

Avsn.	Namn	Tiltak	År	Kostnad	Finansiering	Ansvarleg
	Kultur					
1	Hellesylt Bygdetun	Vedlikehald av gamlestova.	2018		Kmf, gåver, Stranda komm.	Stranda komm.
2	Badehuset på Hellesylt	Vedlikehald	2019			Hellesylt ungdomslag
3	Gildetun, Geiranger	Skifte tak	2020		Kulturminne-fondet / stiftingar	Geiranger ungdomslag
4	Bedehuset, Geiranger	Oppussing. Nytt undertak	2020		Kulturminne-fondet / stiftingar	Geiranger indremisjon
5	Bergly, bedehus	Restaurering	2020		Kulturminne-fondet / stiftingar	Sunnylvsbygda kristelege ungdomsforening
	Industri					
6	Berge trevarefabrikk	Vedlikehald	2019-			Kirsten P. Berge
7	Skifabrikken, Langlo	Vedlikehald	2020-			
8	Kraftstasjonen på Gjørva	Restaurering	2020			Stranda kommune

Kulturminneplan for Stranda kommune 2019-2023

Avsn.	Namn	Tiltak	År	Kostnad	Finansiering	Ansvarleg
9	Geiranger møbelverkstad Gnr.115 Bnr.13	Restaurering	2021		Kulturminnefondet, stiftingar, Verdsarvmidlar	Erik og Walter Prütz
	Landbruk					
10	Kulturlandskap Vesterås	Restaurering av steinmurar.	2019-		Smilmidlar, Stranda komm	Oddvin Vesterås
11	Naustmiljøet, Øykjeberget	Restaurering	2020			Fleire eigarar
12	Naustmiljøet ved Liasjøen/ Ansoknaustet	Vedlikehald/ restaurering	2022			Fleire eigarar
13	Naust på Gravaneset	Restaurering	2022			Fleire eigarar
14	Smie og kvernhus på Vinje	Restaurering	2019			Lars O. Vinje
15	Ringstadsætra	Vern av sætremiljø	2020			Fleire eigarar
16	Sag på Ovrå	Restaurering	2020			Rolf Ansok ?
17	Kvernhus, Ringset	Vedlikehald	2021-			S. Ringset
18	Røykstove på Hauge	Vedlikehald av huset.	2018-		KMF, gåver	Svein Rusten
19	Målanystova, Frøysadal	Vedlikehald	2019-			Arvid Frøysadal
20	Bernt-tunet, Kjølås	Restaurering	2019-			Gerd-J. Leira
	Samferdsel					
21	Den Trondhjemske Postvei	Restaurering/ vedlikehald	2018-		Spelemiddel / Fylkeskomm. / sponsorar / Stranda komm.	Stranda kommune
22	Sætrevegen til Møllsætra	Restaurering	2021		Verdsarvmidlar	Møll / Møll / Solhaug
23	Gamlevegen Korsbrekke - Åsen	Restaurering	2021			Stranda kommune
24	Deler av gamlevegen Liabygda - Stordal	Restaurering	2021			Stranda kommune

5.10.2 Vedlegg 2: Oversikt over tema i årsskrifta frå Stranda Sogelag 1983-2018 (sjølvstendig dokument)